



Bykle gamle kyrkje 400 år

1620–2020

Bykle gamle kyrkje 400 år

Bykle gamle kyrkje 400 år

Bykle gamle kyrkje
i Setesdal
1620–2020

Jubileumsskrift

Utgjeve av Bykle sokneråd 2020

Sats og formgeving:
1995 Leonhard B.Jansen, Ingrid Løyning Berntsen

2020 Jubileumsnemnda

Prent: Setesdalstrykk AS

ISBN 978-82-993662-2-9

Omslag: Akvarellar av Tove Krogh

Innhald

Den gamle kyrkjebøna	6
Til lesaren	7
Helsing frå biskopen	9
Helsing frå prosten	10
<i>Alfred Ryningen</i>	
Kyrkja	11
<i>Øystein Kostveit</i>	
Veggmålingi i Bykle kyrkje	25
<i>P.M. Søegaard</i>	
Ei kyrkjeferd til Bykle anno 1836	27
<i>Olav Mosdøl</i>	
Kjenne seg heime	32
<i>Arne Berg og Aagot Noss</i>	
Bedlag	38
Ei bøn om himmelen	40
<i>Rønnaug Torvik</i>	
«Vigde malmars himmelbårur løyser varme bønnetårur»	45
<i>Olav Mosdøl</i>	
Det kima ei klokke	48
<i>Bjarne Tveiten</i>	
Storhedder fortel	52
<i>Theis Salvesen</i>	
Bykle kyrkje-ein verdig jubilent	58
<i>Helene Horverak</i>	
Då Bykle kyrkje blei Bykle gamle kyrkje	63
Tenesteliste	66
Herrens velsigning	69

Herre!
Eg er komen inn i
dette heilage huset ditt
og vil høyra det
som du talar til meg,
du Gud Fader, skaparen min,
du Herre Jesus, Frelsaren min.
Du Heilage Ande, trøystaren min
i liv og daude.

Herre
lat no upp hjarta mitt
med din Heilage Ande,
so eg kan læra av ordet ditt
og syrgja over syndene mine,
og tru på Jesus i liv og daude,
og betra meg kvar dag
i ein heilag li vнад.
Høyr og bønhoýr meg
ved Jesus Kristus!
Amen.

Til lesaren

Det har vore noko uvisst kor gamal kyrkja eigentleg er, men ut i frå det ein veit er året 1620 eit godt utgangspunkt for å rekne alderen på kyrkja.

Soknerådet i Bykle feira då 375-årsjubileet i 1995. Dei utnemnde ei skriftnemnd til å lage eit flott jubileumsskrift til feiringa. Ei rekkje skribentar som kjende kyrkja og livet rundt henne gav bidrag. Akvarellen på framsida er det kunstnar Tove Krogh som har laga.

Då vi skulle lage nytt skrift til 400-årsjubileet fann vi at tekstene er framleis like aktuelle og har variera innhald. Vi har fått inn nokre nye som skildrar korleis det er å vere næraste granen til kyrkja og korleis prosessen var då den nye kyrkja vart bygd.

Vi vonar og trur at stoffet er interessant for dei som er glade i kyrkja vår og historia kring bygget. Truleg vil også nokre av dei mange turistane som vitjar kyrkja i sommarmånadane ha glede av artiklane dei finn her. Og det er tydeleg for det gamle opplaget er utseld. Ein stor takk til alle som har gjeve bidrag og arbeidd med skriftet.

Soknerådet i Bykle utnemnde ei jubileumsnemnd i 2018 som sette i gong planar om skriftet og om feiringa. Den vart sett til å vere helga og vekene kring 13.sept. 2020. Vonaleg med kongeleg besøk, konsertar, foredrag, samlingar og opplegg for barnehageborn og skuleelevar. Men so kom koronaepidemien i mars 2020 og sette alt på vent.

Bykle gamle kyrkje er den eldste av kyrkjene i Setesdal. Gjennom skiftande tider har ho vore sentral i livet til bygdefolket og kommunen. Vi som lever no har ansvaret for å ta vare på og bruke henne slik at ho og i framtida kan vere eit samlingspunkt der folk kan møtast, og «den glade bodskapen» får lyde klårt.

Vi ynskjer Bykle gamle kyrkje til lukke med 400-årsjubileet!

Skriftnemnda i 1995:

Einar Barane, Ingrid Løyning Berntsen, Leonhard B. Jansen, Brita Mosdøl

Jubileumsnemnda i 2020:

Kjell Hagestad, Kristin Drevdal Hoslemo, Tor H. Mosdøl, Else Gyro Rysstad

Helsing frå biskopen i Agder og Telemark

Kjære alle som bur i Bykle!

Gratulerer med Bykle gamle kyrkje sitt 400-årsjubileum. Det er mange gode grunnar til å feire nettopp denne heilt spesielle kyrkja. Ho er den eldste i Setesdal og ei av dei minste i landet. Ho er sjeldan vakker innvendig. Her opplever vi dei verkeleg lange linjene. Kyrkjetomta har vore kyrkje-stad heilt tilbake til før 1328, den gongen då Bykle var eit sær sars viktig knutepunkt heilt øvst i dalen. Bykle gamle kyrkje er eit smykke av dei sjeldne.

No når øvre del av Setesdal i desember 2019 har kome på den immaterielle verdsarvlista til UNESCO, er det ekstra spanande med dei spesielle songtradisjonane i denne kyrkja. Orgelet kom seint til Bykle, ikkje før i 1989. Langt opp på 1980-talet «vart salmane sunge seint, og naturtoneskalaen rådde. Det var rom for slengjer og god tid til å tenkje over tekstane», skriv Rønnaug Torvik til 375-årsjubiléet. Her er det mykje å gle seg over og ta vare på. Bykle gamle kyrkje er sanneleg eit jubileum verdig!

Samstundes, spør du eit menneske om kva for kyrkje som er den vakraste, vil dei fleste svare at det er deira eiga kyrkje. Det er noko klokt og bra med det. Vi blir glade i vår eiga kyrkje fordi ho er eit sær sars viktig hus for oss i heile breidda av livet. Ho er staden for dei store, gode dagane med dåp, konfirmasjon, bryllaup og fest, men også for sorga og saknet. Men ikkje minst er kyrkja staden for alle dei heilt vanlege dagane, dei som er grunnstamma i livet.

Ordet kyrkje tyder «det som høyrer Herren til». Kyrkja peiker utover sjølve huset. Her får vi høyre orda om Jesus Kristus, han som gir oss framtid og von fordi han døydde og stod opp att frå grava. Han som kallar oss til å tru på Han og følgje Han.

Bykle er i ein unik situasjon. Ved 375-årsjubiléet var det berre Bykle gamle kyrkje som stod på kyrkjestaden. No står det to vakre bygg der. Dei konkurrerer ikkje med kvarandre, dei supplerer kvarandre. Det er mi bøn og von at menneske vil fülle begge kyrkjene også i åra som ligg framfor dykk.

Til lukke med jubiléet og Guds signing!



Stein Reinertsen

Helsing frå prosten i Otredal

Otredal prosti har mange flotte kyrkjer som folk sett høgt. Dei aller fleste av dei er frå 1800-talet og dei er nokre smykke alle saman.

Men øvst i Setesdal ligg, ikkje berre den eldste kyrkja i prostiet, men sjølve juvelen blant smykka, Bykle gamle kyrkje, som ho blei heitande etter at den nye kyrkja blei innvigd i 2004.

Eg er så glad i den vesle kyrkja og ser alltid fram til våren og sumaren når vi kan nyte den gamle kyrkja til gudstenester med dåp og vigslar. Den lafta langkyrkja er ikkje stor, men det rosemåla kyrkjerommet skapar ei særeigen ramme rundt viktige hendingar i livet. Slik har det vore for folk i Bykle i 400 år. Kyrkja har vore ramma kring dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder gjennom alle år. I den vesle kyrkja har byklarar møtt kvarandre i glede og sorg, høgtid og kvardag. Difor er gamle Bykle kyrkje kan hende det viktigaste bygget i bygda.

Når vi som prestar står framom altertavla i den framskotne baldakinen, ser vi bilete av Jesus som ber krossen og Jesus på krossen. Det er Jesus som er i sentrum når vi feirar gudsteneste.

Og når vi samlast til gudsteneste, møter han oss kvar einaste gong med sin nåde og kjærleik. Han gjer ikkje skil på folk. Alle har same verd for Gud.

Det er ei høgtid kvar gong klokkaren står midt i kyrkjerommet og dreg i klokketauet gjennom eit hol frå tårnet. Då kan gudstenesta byrje. Og når organisten spelar på orgelet som ikkje er meir enn om lag tretti år gamalt, kjem det vene tonar og salmesongen startar.

*Kyrkja ho er eit gamalt hus, stend om enn tårna mun falla.
Tårn etter tårn dei sokk i grus, endå kan klokkene kalla,
kalla på gamal og på ung, mest då på sjela trøytt og tung,
sjuk for den evige kvila.*

*Gjeve då Gud, der me skal bu, alltid når klokkene lokkar,
folket i samlynd kristentru glade i kyrkja seg flokkar.
«Verda vel ei, men de meg ser; alt som eg seier, sjå, det skjer!
Fred vere over dykk alle!»*

Gunnar Ellingsen



Alfred Ryningen

Kyrkja

Det er skriva om Bykle kyrkje før, og då er det vanskeleg å unngå oppattakingar. Noko av det vert det her au, men vonleg ikkje alt for mykje. Me kjem til å konsentrere oss mest om sjølvne bygningen, og nemner berre i liten møn inventaret. Altartavle, altar, preikestol, døypefont og anna kjem me snautt nok til å nemne. Det ville sprengje ramma for denne artikkelen.

På ei liti høgde midt i bygdi, på garden Byklum, ligg ho. Liti og låg, når ein samanliknar med andre kyrkjer, og liksom hykjer seg ned mot vêret. Tårnet er ikkje høgt og kvast det heller. Ikring 13 meter oppå toppen er ikkje mykje for ei kyrkje. Det mest turvande finst, men heller ikkje noko meir. Sakristi er vanleg i andre kyrkjer; her er det berre våpenhus, sjølvne kyrkjeromet og kor. Det er ei inngangsdør, låg og heller ikkje brei. Ljoset slepp inn gjennom tri glas, alle på sørveggen.

Benkene – 9 på karesida og 7½ på kvinnesida – er smale, med rett rygg. Ein skal ikkje vere stor for å ha vanskar med å plassere føtene. Avstandi mellom benkeradene er 74 cm på karesida og 65 på kvinnesida. Det er vel plass til 70-80 menneske nede i kyrkjeromet og omlag helvti så mange oppå dei to trevi. Tidt har det nok likevel vore fleire enn det til stades samstundes.

Kyrkja er lågmælt og jordnær, men stø og trygg, mest som folket ho har tent som Gudshus for i hundrevis av år.

Segner

Tussane har fått skuldi for så mykje fram gjennom tidene. Mange stader har dei flutt kyrkjer, heiter det. Det høyrer

med til segnene at folk berre laut gjeve seg og byggje på den staden tussane valde ut, for dei gav seg ikkje. På denne måten var det hjå oss au, og her var det til og med ein tusse som var byggmeister, les me i «Gamalt or Setesdal»:

«I Bykle kom der kyrkje likeins. Dei grunna i Nordbygdi fyrst, på Skarg. Men det gjekk som i Valle: um notti la tussane sør i «Kjyrkjebygdi» med heile timrestopulen. Der var ein tusse som tok på seg å byggja; han skulde hava sol og måne fyre; men kunde dei gjeta namnet hans, skulde han byggja for inkje. Han hadde gjort av mest og gjekk so kaldlegt upp i tårnet. Då ropa det i ein haug:

*«Var deg Finn,
du faller 'kji.»*

sa det. Med same datt han ned og slo seg i hel. Han treiv seg i tårnet og skjekte det; det stend skakt den dag idag. Byklarane var so glade dei slapp han kvitt.»

Sjølv om me i dag i vår store visdom ler av sogor som dette, er dei interessante likevel. Rett nok er det ingen ting som tydar på at det har vore tanken å setje opp kyrkje i Nordbygdi, men på Skarg var det gravhaugar, og det har vore eldgamal gardsdrift der. Segni er såleis ikkje så av vegen som ho kan synast i fyrste omgang.

Men det er segn om fleire kyrkjer i Bykle, fortel Johannes Skar i «Gamalt or Setesdal»:

«I Bykleheidane var gardar; der var tykke bygdeløg det bil «Storedaui» kom til dalen. Der var tri kyrkjesokner. I Geiskelidi var kyrkje; det syner kyrkjegard og grefter enno. I Dvalinn' var

kyrkje. Det var syndlegt um eit brudlid or Glibbjør, då dei skulle til kyrkja. Dei fløta seg yver åi med «Brurefossen». Då drog det dei til, og alle druknast i fossen. Tridje kyrkja stod på Gjerpevollane, på hægste heidi, austmed syslebytet millom Robygglag og Bratsberg lén. Det var på livet mest å koma til kyrkja.»

Geiskeli, Dvalin og Jerpevollan har nok heller ikkje hatt kyrkjer. Kvifor segnene er knytte plent til desse stadene, skal me ikkje bruke plass på å drøfte her, men me kan nok rekne med at det har sine bestemte grunnar.

Alder

I 1274 hadde paven skriva ut ein skatt som skulle takast av det prestane hadde i inntekter. Pengane skulle vere med på å betale ei krossferd. Men i Stavanger bispedøme, som Setesdal då var ein del av, kjende dei tydelegvis liten samhug med dette, og betalingi gjekk smått. Etter 53 år – i 1327 – vart det sendt ein mann hit i eins ærend for å krevje inn pengane. Han førde greitt rekneskap, og nemner mellom anna 10 kyrkjer i Otredal prosti. «Eccl. de Buglum» var ei av dei.

Det er fyrste venda me høyrer henne nemnd. Det er ikkje urimeleg å tru at plasseringi var den same då som no.

Men var sjølv kyrkja den same?

Det var ho nok ikkje. Grunnen til at me trur det er å finne i byggjemåten. Kyrkja i Bykle er bygd av tømmer, nok-så stort, med magetelgde og klavedregne stokkar. Andre tømra bygningar som

me veit vart sette opp i tidi før svartedauden (1350) er laga på ein annan måte. Stokkane er nytta meir eller mindre som dei var, dei er altså mykje meir runde.

Storleiken er au ulik. I tidi fram mot svartedauden voks folketalet etter måten mykje, og det førde med seg mykje byggjing, så mykje at det var vanskeleg å finne stort tømmer. Stokkane i såvorne gamle hus er med andre ord på jamnen ikkje særleg store.

I lang tid etter svartedauden var det lite folk, men mange hus, så det var mest ikkje bruk for å byggje nytt. Skogen vart ståande langt på veg urörd eit par hundre år, og då folk på nytt tok til å byggje noko særleg på slutten av 1500talet og frametter, var det nok av grov last. Difor kan me finne hus frå denne tidi med stokkar som er både 70 og 80 cm breie. Det var ikkje praktisk å ha trehus med så tykke vegger som det – det var nok ein av grunnane til at det frå den tidi og frametter vart vanleg å magetelgje stokkane. Det vil seie at dei vart forma slik at dei sedde frå enden var ovale. Med så stor last kunne ein au godt late toppenden bestemme breidda. Resultatet vart klavedregne stokkar, like breie i topp og rot.

Ei tømra kyrkje frå mellomalderen ville elles i seg sjølv ha vore eit sersyn, sidan me veit, for å herme Kaare Støylen, at det vart «praktisk talt ikke bygd tømmerkirker før etter reformasjonen» (1536).

Dermed har me møna oss fram til tidi etter reformasjonen, men kor langt? Dei skriftlege kjeldone om Bykle kyrkje er ikkje plent rikelege dei fyrste hundreåri etter trusskiftet. Ingen stader



Bykle kring 1890. Som den einaste kvitmåla bygningen i heile bygdi skil kyrkja seg merkbart ut. Hit og ikkje lenger gjekk postvegen, og her samlast byklarane for å høyre Guds ord. (Knud Knudsen, *Billedsamlingen, UBB.*)

får me vite korleis huset såg ut, men frå tidleg på 1600talet veit me i det minste at det var fille stelt med det: «Bøckle Anex Kircke som enn langsommelig tidt haffuer liggett øde, holdis nu ved magtt aff for^{ne} Walde Hoffuidt Kirkis Indkombst».

No veit me at såvorne jordebøker som den me har hermt frå tidt vanta heller mykje på å vere oppdatara. Difor er det ikkje visst at kyrkja framleis låg «øde» i 1624. Kanskje hadde byklarane då fått seg ny kyrkje – den som i dag er den eldste i dalen.

Det byggjer me på at dei i 1619 søkte bispem om løyve til å setje opp att kyrkja. Ut frå dette trur me at kyrkja vår vart sett opp ei gong kring 1620. I det

minste er det grunn til å tru at mykje av materialane me finn der er frå denne tidi. Som me kjem attende til lenger nede, er det ikkje så beint å vite kor mykje som vart bygt opp frå nytt i samband med det me kan kalle hovudrestaureringi i 1803 – 06.

Etter det som er sagt ovafor, er det all grunn til å tru at den fyrste kyrkja i Bykle var stavkyrkje. Det høver au med det som Ulrik Henriksen skrivar i ein rapport til Riksantikvaren etter ei synfaring i 1929: «Fra den gamle kirken, som blev revet, finnes adskillig materiel anvendt i den nye kirken. Stokker opsat som saksebjelker og anvendt i takkonstruktionen tyder paa at den nedrevne kirken har været en stavkirke».



Bykle kyrkjebygd. Bak kyrkja ser me Bykle hotel. Heilt til høgre ligg det kombinera skule- og heradshuset som òg fungera som prestestoge. (Carl Normann 1925.)

1619

12. juni 1619 var bispen Laurits Clausen på visitas i Evje prestegjeld. Der var au presten Nils Pedersen frå Valle til stades. På vegner av kyrkjelyden i Bykle spurde han då bispen om «hannd wille werdis at beuillgie och Sambtøche, Ad wii Her epther motte holde Kierckenn wed maght, epther som Hun i nogle Aar, epther woris eigenn begierinngh, och forbemellte woris Kiere Her Bisscops beuillingh och sambtøcke Haffuer weritt øde, saa wii schulle søge Hoffued Kiercken walle, Omb wii enndeligenn nu ware Thillsinndz ad opbygge igienn och forferdige forskreffne woris Kiercke Bykle,--»

Me les om dette i eit brev som vart sett opp ved Bykle kyrkje 5. september same året. Brevet vart stadfest av lag-

rettemennene Åsmund Byklum, Torggrim Gjerden, Orm Tveiten, Knut Nesland, Salmund Breive og Knut Vatnedalen, saman med lensmannen Olav Brokke or Hylestad. Presten var der sjølv sagt au, og brevet vart skriva «der Thiennestenn var holddenn i Byckle Kiercke». Kyrkja var altså ikkje dårlegare enn at det let seg gjere å ha messe der. Tek me ikkje alt for bokstavleg det som står der, kan me elles godt tenkje oss samlingi vart haldi utandørs.

Det viktigaste med brevet er for oss at kyrkja i lengre tid hadde stade ubruka og difor var til nedfalls, men at ho no skulle byggjast opp att og haldast med like, etter ynske frå kyrkjelyden og løyve frå bispen. Når det var gjort, skulle presten kome opp frå Valle og ha messe her tri vendor i året. Det vart bestemt at

det skulle vere midfastehelgi, helgi før bolsok (17. juni) og helgi etter krossmesse (14. september). Det skulle forresten haldast messe både laurdag og søndag desse helgene. Byklarane lova å yte til presten den tiendi han hadde rett på frå gamal tid, og dei batt seg til å syte for at han fekk fylgje av ein eller to karar på vegen mellom Trydal og Byklum. Det var Byklestigen som gjorde det turvande.

Den kyrkja som var til nedfalls i byrjingi av 1600talet var kanskje tekt med spon og tjørebrædd. Det, sa byklarane, kunne dei ikkje love for framtidi. Men dei sa at dei skulle halde henne med tak (never) og elles alt som trongst både innvendig og utvendig.

Om det vart lagt torvtøke på etter oppattbyggjngi og kor lenge ho i så fall vart verande, veit me ikkje. Men som me skal sjå lenger nede, kom det plankor på tøka hundre år seinare.

Korleis kyrkja elles såg ut, har me ikkje plent klart føre oss. Truleg er tømmeret i veggene i hovudsak det same no som for 375 år sidan, men utsjånaden treng likevel ikkje ha vore den same.

Ja, me veit at ho vart endra noko i samband med ein stor reparasjon i 1803 – 06. Før dette var tårnet i den eine enden av kyrkja, medan det etterpå har stade oppå mønet, meir inn mot midten. Me kjenner lite til korleis ho såg ut innvendig i høve til no, anna enn at det var to trev med ei trapp opp til kvart. Korleis dei var plassera, veit me ikkje.

«*Ornamenta og Inventaria*»

Fyrste gongi me finn opplisting av lausøyra som høyrde kyrkja til er i 1674. Lista er slett ikkje lang:

- 1 kalk og disk av sylv, forgylte innvendig
- 1 gamal messehaket
- 1 messeserk
- 1 ljosestake av messing, med to pipor
- 1 liti klokke

Den 27. august gav «hederlig og Vel-lærd mand» herr Esaias Bugge og kona hans ein altarduk av godt, heimegjort lereft med kniplingar kring til kyrkja. På same tid gav dei eit altarklede av striput, heimevove ty.


Esaias Bugge var prest i Valle, og i 1704, nokre år etter at han var død, får me greie på at han au hadde gjeve ein ny messehaket av brun taft. På han var det eit kvitt krusifiks med små «Sølf Galuner» (sylvsnorer) rundt.

Med det same me er inne på gåvor, kan me nemne at enkja etter Augustinus Dons, etterfylgjaren etter Esaias Bugge som prest i Valle, før 1707 hadde gjeve ei tinnflaske, «med sit federal» til å ha vin i. Det er vel den som finst i kyrkja den dag i dag.

Den ljosestaken med to pipor som me nemnde ovafor tykkjst ha vorte bytt ut med ein annan, triarma med ei stong i midten før 1704. Også denne siste var «gal: Dags» (gamaldags), står det i kjelda vår.

I 1698 hadde kyrkja rått seg til ein ny stige, og me ser at det var ein tjørkjele på ei halv tunne og ei tjøretro av tre. Den siste tok tri tunnor og var nylaga. Vidare fanst det då ei gamal altarbok og ei gamal salmebok. Eit messingbekken til døypefonten høyrer me om fyrste venda i 1704.

Rekneskapsboki (kyrkjestolen) for



Altaret med dei gamle altarbileti. På altarbordet står triarma ljosestake, tinnkanne til altarin, sylvkalk og øskje til å ha brød i.

Bykle kyrkje sluttar i 1722, men i kyrkjestolen for Valle er nemnt det som i 1826 fanst av «Ornamenter og Tilbehør». Me kjenner att det meste:

«Kalk og Disk af Sølv og en
Sølvvæske til Brødet
En Messingstage med 3 Piber
Et Messingbækken til Funten
En brun Silkes Messehagel med
Sølvkors og Christusbillede
2 Messeskiorter
En gammel Alterdug
Et randet Stoffes Alter-Klæde
En nye Alterbog og en gammel d^o.
En Brochmands Huuspostil
En Klokke
En Kobberkiedel på 3 Skiepper»

Kyrjeklokka

er au ei gåve. Det var bymannen, kommerseråd og lagmann Laurits Andersen Undal (1631 – 1703), som stod bak. På denne tidi var det mest som ein mote mellom velstående folk å gjeve dyre gåvor til kyrkjer. Det vart gjerne gjort sjølv om gjevaren ikkje hadde nok sers tilhøve til den kyrkja som naut godt av gjev mildskapen. Laurits Andersen veit me var ein av desse rike gjevarane; truleg var det au han som skaffa altartavla til Valle kyrkje. Han var forresten kjend i dalen i andre samanhengar au.

Sjølv om det var ei gåve, kosta det å få klokka på plass. Kyrkjevevane hadde utlegg på til saman 28 riksdalar i samband med frakt og oppsetjing av

henne, går det fram av kyrkjerekneskapen for åri 1687 – 89.

Ho er liti, 48 cm i tverrmål og 43 cm høg. Årstalet 1683 står på henne, saman med denne latinske innskrifti: «SI DEUS PRO NOBIS QUIS CONTRA NOS» (dersom Gud (er) med oss, kven (er då) mot oss).

I andre kyrkjer er det vanleg at den som ringjer står oppi tårnet. Slik er det ikkje i Bykle. Frå klokka går det taug ned frå tårnet, gjennom himlingen og ned i midtgangen i sjølv kyrkjeromet. Gjennom hundreåri har det vorte mange timar med ringing, og tauget har slite eit stort hol i den tjukke planken det går gjennom. No er det eit hampetaug som heng der – for ikring 275 år sidan var det eit bastetaug som gjorde tenesta, ser me av rekneskapane.

I enden av tauget er det no ein spenel – ikkje vriden av vidjor, men smia. Han er utifrå ven, og skal vere laga av den kjende smeden Olav D. Hoftuft (1815 – 55) i Valle. Han gjorde smedarbeidet til Valle kyrkje (innvigd i 1844) au.

Når kom det glas i kyrkja?

På sørveggen er det no tri småruta glas; to i sjølv kyrkjeromet og eitt i koret. Kanskje var det hol i veggen alt frå kyrkja vart reist kring 1620, men me veit det ikkje.

Det som er sikkert, er at det iallfall så tidleg som i 1689 var såvorne opningar, for då hadde kyrkjevevorne betala 1 ort for ei luke «for Winduerne». 9 år seinare hadde dei lagt ut 1 riksdalar for å lage to nye lemer og reparere den tredje. I 1719 var dei øydelagde av uvêr og laut stellast att.

Dersom det hadde vore glas i desse opningane, kan me ikkje skjønne at det hadde vore nokon grunn til å ha lemer. Me lyt difor helst tru at det iallfall i tidi kring 1700 berre var hol i veggen. Om det hadde samanheng med at det hadde vorte slarva med vedlikehaldet utetter 1600talet, eller om det aldri hadde vore glasrutor der, ligg i mørkre for oss. Utan at me skal leggje så mykje i det, skal det nemnast at dei fyrste «glasstogone», altså bustadhus med glas i, er kjende i dalen frå slutten av 1600talet.

Noko som kan vere med på å styrkje tanken om at det berre var glugg utan glas i, er at det i rekneskapsperioden 1708 – 10 vart stella att seks benker «som var ganske bederfvet». Dette er nemnt saman med reparasjonen av nokre vindaugslukor som var «Sønderblæst». Det er vel grunn til å tru at benkene var øydelagde av væte. – Denne væta kunne elles sjølvsagt au ha kome som dropar frå ei utett tøke.

Nytt forfall

Korleis vedlikehaldet hadde vore frametter 1600talet, veit me ikkje mykje om, men etter det me les i kyrkjerekneskapane i 1701, hadde det ikkje vore det beste. Kyrkja var då «u-Reparerit» og var «megit brøstfeldig». Dei skamfarne lukone framfor glasi lyt me sjå på som ein del av dette biletet.

I åri frametter vart det gjort ein heil del for å rette på elendet. I rekneskapsperioden 1702 – 04 vart det hogge to tylvter bord, 28 fot (ca 8,85 m) lange. Dei vart øksa til etter snor og bruka på kyrkja. Dette kosta 4 riksdalar, medrekna arbeidet. Vidare hadde kyrkjelyden

sjølve gjeve til kyrkja seks tylvter lange, øksa bord som vart bruka til å kle kyrkja med på båe sidor. For å gjere dette hadde seks mann arbeitt i to vekor.

Endeleg hadde dei au gjort noko med tøka – dei hadde lagt eitt eller anna, 34 fot langt, på mønet. Medrekna spiker og alt arbeid både i skogen og elles kosta dette au eit par riksdalar.

Kva det var for noko dei la på tøka, er uklårt for oss. Det ser ut som det står «Bust», men kva det i så fall var, kan me ikkje tenkje oss. Det som er sikkert, derimot, er at det gjekk med kring tri tunnor tjøre i samband med reparasjonen. Kring 1720 var visst tøka mogi for utskifting, og arbeidet tykkjest ha vorte gjort av ein mann som budde eit stykke unna. I rekneskapen for triårsbolken 1720 – 22 er iallfall ført opp 1 rd. i utlegg «til Snedkeren for Kierkens besigtelse og hans lange Gang aaret før hand den andtoeg.»

Ti tylvter nye plankor av beste slag, ni alner lange, gjekk med til sjølve tøka og tårnet. I tillegg vart det kjøpt 1000 doble og 500 enkle naglar frå Kristiansand. Tjøra som skulle til, sju tunnor, laut fraktast 13 mil. Med arbeidsløn og alt som elles skulle til, kosta dette over 83 rd.

Byklarane vert kyrkjeieigarar

Det er nok uvisst om det var kong Fredrik den fjerde sjølv som kom på å selje kyrkior for å skaffe pengar i ei noko slunki statskasse. Visst er det derimot at kyrkjone i Kristiansand stift i hans tid vart selde på auksjon. Det måtte vere noko rart for kyrkjelydane å betale for hus dei sjølve hadde kosta og





Kyrkjesundag i Bykle kring 1910.

halde med like gjennom langsamelege tider, men like fullt vart det gjennomført.

Valle og Bykle kyrkior vart selde under eitt for 200 riksdalar. Skøytet vart skriva 4. desember 1724, og det var soknepresten Edvard Storch som fekk tilslaget på vegner av kyrkjelydane. Sidan dei som nemnt også tidlegare hadde hatt ansvaret for vedlikehaldet, gjorde det i praksis ikkje så store skilnaden.

Stor ombygging

Kring 1800 var det dårleg stelt med kyrkja, det går klårt fram av ei synsforretning som finst i bispearkivet. Brevet



Øvst: Bykle kyrkje kring 1930. Omnen i midtgangen vart i 1932 flytta til kroi fram mot koret på kvinnesida. Bjelken over kordøri er overmåla, og på altartavla heng dei nye bileti Lars Osa måla. (Jon O. Løyland.)

Nedst: I 1946 er altartavla slik ho ein gong var, bjelken over kordøri har fått roser, og bileti på preikestolen er kalla fram att. (Oppi.)

som fortel om det er udatara, men må vere frå omlag 1800:

«Efter vores Sogne Præstes hr. Peder Ludvig Lunds Anmodning har vi underskrevne sistafvigte 27de Sept. Besiktet Bøkle Kirke og forefant at Bygningen i sig selv var meget god, men Taget og Klædningen udenpaa var ganske uduelig. Taarnet som er sat i enden af Kirken og Heftet til Kirken af Bindings Verk, var og i sig selv ganske god, men Klædningen udenpaa er næsten raaden og ganske bederved. Gulved i Kirken Maa optages og legges nye Tilfarer under, og med det samme repareres en deel af stolerne, saavelsom Trapperne op til begge Træverne. (- - -) Kirkens heele Reparation Tror vi effter vores beste skiønnende vil koste omtrent 160 dl. Kirkens Forstandere og en del af Almuen var nerverende, og lovede at inden Aar og Dag skulle Kirkens Mangler af heele Bøkle Almue af nye opsettes.»

Brevet er underskriva av Ånund Hallvardsson Kjelleberg, «Klokker til Walle» og Olav Nilsson på Løyland.

At kyrkja trong ein stor reparasjon, vert stadfest av tilstandsrapportane åt presten i dette tidsromet: «Bøkle Annex-Kirke er derimod gammel og Brøstfældig, og snart trænger til en betydelig Reparation.» «Bykle Kirke behøver Bordklædning, Gulv, Vinduer; Kort – en hoved Reparation.» «Bykle Kirke, hvis Eyere er Sognets Almue, er forfalden og skrøbelig, og da den tillige er for liden, har Meenigheden foresadt sig at rive den og opbygge den paa nye Større- -».

I 1802 får me vite at folk skulle ha byrja med å hogge og køyre fram mate-

rialar som trongst til istandsetjingi. Året etter fortel Christen Thorn Aamodt at kyrkja, «bygges af nye, og bliver en nydelig lille Kirke, man er kommen saavidt med Bygningen at Guds-tienesten kan forrettes i Kirken.»

I 1805 var huset «næsten færdig», og i 1806 heiter det at Bykle kyrkje var «en smuk Bygning – som er gandske færdig.»

Tek me det me har hermt her ovafor, heilt bokstavleg, er ikkje Bykle kyrkje eldre enn omlag 190 år, og altså bygd ny i 1803 – 06. Me finn likevel grunn til å minne om det som står i synsforretningi frå kring 1800 om at «Bygningen i sig selv var meget god». Det var i fyrste rekkje utvendig kledning, tøke og golv som var rotne. Dette må me oppfatte slik at sjølve tømra var god, og då må me nok rekne med at ho vart bruka om att. Det vert mange vendor streka under at det var ei fattig sokn og at det var vanskeleg og dyrt å skaffe materialar.

Sidan det i samtidi vart tala om nybyggjing, lyt me nok tru at heile huset vart rive ned til grunnen og så bygt opp att. Alt sunt bondevit tilseier då at det som var brukeleg vart nytta om att, og det som var rote eller øydelagt på anna vis, kasta. Det er grunn til å tru at det vart gjort slik her au.

Etter tradisjonen var det Olav Nilsson på Løyland som stod for arbeidet, med Auver Knutsson Gjerden og «ein dei kalla Gjert» som medhjelparar. Olav Nilsson var med på synfaringi av kyrkja kring 1800; det gjer at me kjenner oss tolleg visse på at det tradisjonen fortel er rett.

Sidan det vantar rekneskap for kyr-



Bykle kyrkje slik ho tek seg ut i dag. Det nye orgelet står i kroi heilt til venstre, og er måla i same fargane som resten av kyrkja. På bjelken over kordøri ser me ein av kongane frå den eldste målingi i kyrkja.

kja for den aktuelle tidi, veit me ikkje om byggmeisteren greidde å halde kostnaden innafor den summen (160 dalar) som vart nemnd i samband med synfaringi før arbeidet tok til.

Sjølv om kyrkja var ferdig i 1806, skulle det gå enno tjue år før ho fekk den rosemålingi som er med på å gjere henne så sermerkt.

Vedlikehald i vårt eige hundreår

God og tett tåke er avgjerande for at eit hus skal kunne takast vare på. Det var sikkert noko slikt dei tenkte, då det ei gong før 1924 vart lagt bylgjeblegg på kyrkja. Det kan aldri ha teke seg særleg

godt ut, men gjorde vel heller ikkje så stor skade. At det med tidi laut gjerast noko med, undrar oss likevel ikkje.

Ulrik Hendriksen, som var på synfaring i kyrkja i juli 1929, skriva i rapporten sin til Riksantikvaren at dette burde takast vekk «og den gamle vakre takbekledning gjenoptas, i materiale og form nøiagtig som før.» Dette let seg godt gjere, sidan ein del «av den gamle takkledning i 35 cm. brede vakkert profilerte over og underliggerplanker med innhøvlet vandrenne, og oplagt i sildebensform», var tekne vare på under bylgjeblegget.

Dette vart au gjort i samband med den restaureringi som vart gjennomført

i 1930-åri, og planketak har det vore seinare. Den siste hovudreparasjonen med utskifting av rotne plankor vart gjord i 1980-åri.

Noko Ulrik Hendriksen au var misnøgd med i samband med at han granska kyrkja i 1929, var den sylinderoenen som då stod i midtgangen frammed koret. Denne ville han byte ut med ein annan, lågare omn som han ville setje opp på karesida, mellom glasi. Parafinlampa av støypejern lika han heller ikkje, og ville ha ei liti ljosekrune av messing i staden.

I presten Peter Bloms tid (1864 – 80) hadde det vorte sett opp ein skiljevegg mellom gute- og jentetrete og sett inn ei ekstra trapp – baa delar ville Hendriksen ha vekk. Biletfelti på preikestol og altartavla var overmåla; dei skulle au kallast fram att. På bjelken over kordøri hadde det opphavleg vore to kongar, to dronningar, to kyrkior og noko skrift. Dei var au måla over.

Bjelken over kordøri greidde ikkje Hendriksen å få gjort noko med då han utførde fargerestaureringi våren 1935, men bileti på altartavle og preikestol vart kalla fram att. Ein av kongane på korbjelken vart forresten restaurera av Janne Wang i 1967.

Ny omn vart au sett inn – han kom på kr 567,90 med frakt og oppsetjing. Iallfall så tidleg som i februar 1932 var han på plass. Han vart ikkje plassera mellom glasi, men heilt framme i kroi mot koret på kvinnesida. Den 24. februar 1936 vart parafinlampa bytt ut med ei åttearma ljosekrune. «GAVE FRA EILER PRYDZ» står det grave inn på henne. Parafinlampa vart lånt ut til bedehuset.

Straum og orgel

19. desember 1954 vart det teke i bruk elektrisk oppverming i kyrkja – det var Knut J. Jore som hadde stade for installeringi. Elektrisk ljøs kom det ikkje før i 1987.

Det vart sett inn eit lite, elektronisk orgel mot slutten av 1970-åri. Heilt frammed koret, på sida av vedeomnen, vart det plass til det. Ein tiårsperiode var det i bruk; det noverande orglet vart innvigd 5. februar 1989. I samband med at det vart teke i bruk, laut den gamle vedeomnen ut. Oppå himlingen heng framleis dei jernstengene som heldt røyret på plass. Det gjekk på skrå inn mot midten av huset og opp gjennom mønet.


Kva no?

Som det går fram av fleire rapportar og synfaringar frå 1960-åri og frametter, er ikkje tilstanden til kyrkja heilt god innvendig. Det gjeld fyrst og fremst målingi, som ikkje toler så godt den elektriske oppvermingi. Men trevi er heller ikkje så støyge. På jentetrete vart det lagt nytt golv oppå det gamle for bortimot ti år sidan, og nokre år etter det vart berekonstruksjonane styrkte.

Truleg vil det ikkje gå så alt for lang tid før det kjem ei ny kyrkje i Bykle. For dei som kjenner seg heime i og er glade i den gamle er det vanskeleg å venje seg til den tanken. Andre ser meir praktisk på det, og legg vekt på kor greitt det ville vere i mange høve med eit nytt og større bygg. Alle bør kunne einast om å take vare på det ærverdige huset som har stade der så lenge, på best mogleg måte.

Kjeldor og litteratur:

- Bispearkivet, pk. c-85, udaterte brev. Statsarkivet i Kristiansand.
- Bispearkivet, pk. c-85, innberetning om tilstandi til kyrkjone 1793–1806. Statsarkivet i Kr.sand.
- Bull, Edvard: Økonomisk og administrativ historie i «Norske bygder, Setesdalen». Chra. 1921.
- Eldal, Jens Christian: Rapport fra befarung 14. mai 1986. Kopi i Bykle kommunearkiv.
- Gjerden, Knut: Kyrkja i Bykle kultursoge. Bykle 1993.
- Hendriksen, Ulrik: Indberetning om undersøkelse foretat i Bykle kirke i Juli 1929. Kopi i Bykle kommunearkiv.
- Hoslemo, Knut: Bykle kyrkje i Agder Tidend 02.08.1924.
- Moseid, Jørgen: Ei seksårstiend i Årsskrift for Agder Historielag 1955.
- Poulsen, Sven og Tessing, Niels: Teikningar av Bykle kyrkje 1981. Bykle kommunearkiv.
- Rolfsen, Perry: En fjellgård fra jernalderen i Bykle i Viking bd. XL, 1947.
- Skar, Johannes: Gamalt or Sætedal II. Oslo 1961.
- Soknerådsprotokollar, Bykle 1922 – 89. Sokneprestens arkiv og Bykle kommunearkiv.
- Stathaldararkivet, Jordebok 1624 – 26. Riksarkivet.
- Støylen, Kaare: Vår kirke i sør. Kristiansand 1984.
- Tschudi – Madsen, Stephan: Altertavlen i Valle kirke i Kyrkja på Vaddarhaugen. Valle 1994.
- Valle prestearkiv, pakkesaker, B III, brev 6. sept. 1619. Statsarkivet i Kristiansand.
- Valle prestearkiv, kyrkjestol Bykle 1669 – 1722. Statsarkivet i Kristiansand.
- Valle prestearkiv, kyrkjestol Valle 1821 – 66. Statsarkivet i Kristiansand.
- Wang, Janne: Rapport over restaurering i Bykle kirke 28. august – 22. september 1967. Kopi i Bykle kommunearkiv.



Øystein Kostveit (1924–2017)

Veggmålingi i Bykle kyrkje

Som unggut kom eg syklande gjennom Bykle. Eg fekk lyde messe i den vesle sermerkte kyrkja.

Eg gløymer det aldri. For ei perle av eit byggverk, også den songen – utan orgel! Hadde knapt møtt noko meir stemningsfylt til då. Mange gjekk i bunad den gongi. Det var under krigen. Sidan fekk eg greie på at kyrkja er måla av ein sambygding, Aslak A. Vasshus.

Kven var han denne Aslak?

Han var fødd på garden Vasshus i Neslandsgrendi ved Totak i året 1788. Aslak var av ei kunstnarætt. Både faren, to av brørne hans og også sonen fór med rosemåling. Ein annan nær slektning blei ein stor bilethoggar og målar; Sveinung Aanonsen Vasshus. Syskenbarnet til Aslak, Sveinung B. Svalastoga på Haddland, er truleg lærermeistaren hans. Det er fleire likheitsteikn mellom desse.

Det største arbeidet Aslak hev utført, er veggdekorasjonane i Bykle kyrkje. Her måla han i 1826.

Me kjenner til fleire større arbeid han hev gjort i heimegrendene. Han hev såleis måla senger og skåp på Vasshus, Nesland, på Rismyr i Grungedal, Midtveit i Haukelid og Øvre Mo i Austbø.

Dei som fekk han til Bykle, hadde nok kjennskap til mannen, at han dugde til større målararbeid. Det er elles fleire



døme på at rosemålarar frå Telemark vandra til grannebygdene og tok på seg måling. Øystein Vesaas nemner fleire i boki si: «Rosemåling i Telemark.»


Han skreiv om målingi i Bykle kyrkja, at det truleg må vera det seinste døme på kyrkjemåling heilt på den gamle visen. Aslak hadde ein medhjelpar i kyrkjemålingi. På eine sida av døri hev han sett bokstavane sine K.A.S.B. 1826, og frammed klokkarstolen fullt namn, «Knud Aavaldsen Byklum 1826» og nedafor «Fød dem. 1804.» Aslak hev sett sin signatur på hi sida av døri, A.A.S. Washuus 1826.

Vesaas meiner at Aslak hev gjort det meste av rosene. Veggene er måla med ranker og roser på kvit botn. Himlingi hev sotblå farge med grå skyer og raude stjerner. Som så ofte i folkekunsten, er stilartene blanda saman. Han byggjer mest på rokokkoen, men blandar og inn régencen med knekte band, ruter og spinkelverk. Det er rimeleg å tru at han

her er påverka av stilen til den kjende Talleiv målar. Han som måla so mange dristige veggdekorasjonar i Vest-Telemark. Det er noko naivt over sumt av målingi til Aslak, t.d. engelen i taket. Men fargeverknaden og heilskapsinntrykket er godt. Det er ikkje denne flyten og spensten me jamleg finn i rosemålingi frå denne tidi. Øystein Vesaas skriv: «det er liksom han hev prøva og trivla seg fram med ei vår kjensle slik at alt saman virkar liksom so mjukt og blautt med milde fargar, endå um rosune til dels kan vera noko kjeivelege.»

Etter Aslaks tid var det meir og meir slutt med å dekorere heile rom. Med unntak av tinndølen Thomas Luraas, finn me knapt døme på folk som driv med slikt etter 1830. No kjem lasering og ådring, og rosemåling finn me berre på møblar og smågjenstandar.

Målingi i Bykle kyrkje stend derfor i ei særstilling og markerer overgangen til den nyare tid i rosemålingi.



P.M. Sjøgaard (1815-1881)

Ei kyrkjeferd til Bykle anno 1836

I slutten av 1820-åra kom det ny sorenskrivar til Setesdal. Skrivargarden var Klepp i Hornnes. Men så trefte det seg slik at dei to sønene i huset vart sende til presten i Valle for å lære av han. Eitt av dei minna som feste seg hjå den unge guten, han heitte forresten Per, var då han gjesta Valle nokre år seinare, og vart med sokneprest Dahl og lensmann Olav Knutsson Tveiten til Bykle ei kyrkjehelg. Me les om det i den boka han seinare skriva, og som han kalla «I Fjellbygderne».

Nogle Aar senere, i Slutningen af September, kom jeg atter til Valle, netop som Presten, min forrige Lærers Eftermand, stod i Begreb med at tiltræde sin Høstreise til det øvre Annex Bykle. Uagtet dette Sogn ikke ligger mer end tre Mil fra Prestegaarden, holdtes der dengang kun tre Gange Gudstjeneste om Aaret. Presten prædikede da baade Søndag og Mandag og havde forøvrigt nok at bestille med Skole-, Fattig- og andre Væsener. Han foreslog mig at gjøre Turen med, og en Lørdags Morgen Kl. 6 stege vi tilhest tilligemed Lensmanden, vor gamle Kjenning Ole Thveten, som til Lettelse for Almuen altid var tilstede ved Høstmessen for at modtage Skat.

«Vi må fare stilt og roligt frem, som det sig anstaar Bygdens Øvrighed,» betydede Presten mig, da jeg efter en Fjerdings Ridt fandt, at det gik for langsomt. Heri var Lensmanden enig med ham, men bemærkede, at i de treti Aar, han havde fulgt Presten paa Bykltreisen, tog de altid et Skeid paa Reimarmoen, en flad Strækning i Ovaeinang, en halv Mils Vei fra Valle Kirke. «Presten Musæus var Gut som kunde styre Hesten sin, kan du tru. Men alle Prester kunne ikke være like goe Riare,» lagde Lensmanden til, saavidt

muligt paa Dansk; thi nu talte han med en Embedsmand.

«Vi maa holde Presten lidt undskyldt, Olaf,» sagde jeg, som godt kjendte Grunden til hans Forsigtighed. «Han er fra Bergen, og der er man lidet vant til at stelle med Heste.»

«Min Bestefader, hos hvem jeg blev opdraget, havde dog baade Vogn og Heste,» sagde Presten lidt fornærmet paa egne og Landsmænds Vegne.

«Ja, nu erindrer jeg, du har fortalt mig noget om denne Vogn, som nok egentlig var kun en Gig fra det 16de Aarhundrede,» svarede jeg. «I kaldte den Jolleburet, og dens Udseende var af den Beskaffenhed, at, da du og din Tante engang fik den laant paa en Fart til Damsgaard, krøbe I begge under Skvetlæderet, når I mødte Nogen.»

Den godmodige Prest maatte le ved at mindes om de muntre Guttedage, og havde vi været alene, kunde jeg have ventet mig mange Smaahistorier som den med Gigen.

Da vi strax derpaa naaede Reimarmoen, bød Presten os, til vor Forundring, at ride omkap, og med Haanden paa Sadelknappen satte han avsted paa sin raske Hest slig, at vi ikke kunde følge ham. Han havde altsaa vundet og hævdet sin Rytterære.



Før vegen stod ferdig i 1879, var hesteryggen einaste måten å frakte folk og varer til Bykle. Biletet er teke i tunet i Innistog Byklum kring 1890, og jenta er Tore O. Byklum. Broren Dreng står ved sida, og bakanfor er foreldra Olav og Gunhild Byklum. (Axel Lindahl.)

Veien gaar nu gjennom en trang Dal, som kun sparsomt er beboet. Den der i Egnen noksom bekjendte Bykle-Stig var uidentvilt den sletteste og farligste Vei i hele Landet. Paa nogle i Fjeldet indrammede Jernstykker laa to til tre Planker, hængende over en skummende Fos. Stigen gik i Kroker, og det var umuligt for to Heste at komme forbi hinanden paa den, og dog hørte man aldrig om Ulykker paa denne Vei, som i umindelige Tider var den eneste, der førte til Bykle og maatte passeres baade Vinter og Sommer. For en tretti Aar siden blev Veien omlagt over en

Bergknat, men den er endnu saa brat, at det er forbundet med fare at ride op eller ned ad den.

Paa den anden Side kommer man ned til en Plads, Bjones, som ligger paa en smuk grøn Flek ved Vandet, over dette sættes man paa en Færge, og der er da kun nogle hundrede Skridt til Kirken.

Bykle mangler ingenlunde malerisk skjønhed. Det lille dybe Vand, Bykilen, omgives i Øst og vest af bratte, ved idelig Styrtning sønderrevne Fjelde, og ved Vandets nordre Ende begynder den egentlige Bygd, som med de ret godt

bebyggede Gaarde og smaa Jordflekker mildner det vel meget vilde i Landskabets øvrige Omgivelser. Uagtet Jorden kun i varme sommere giver modent Korn, kunde «Byklaro», ialdfald dengang, egentlig ikke kaldes fattige, da deres Hovednæring er Fedrift, en Kjendsgjærning, som de fleste af vaare Fjeldbygder burde mærke sig.

Presten boede altid paa den tet ved Kirken liggende Gaarden Byklum, som eiedes af Targei Ovildsen, en forstandig og velvillig Mand, paa hvis aandelige Dannelse intet var at udsætte, men desto mere paa hans legemlige; thi han var Dverg, vistnok ikke i den Grad, som disse Tingester, der vise sig frem for Penge, men han var uden alt Forhold i

Bygningen; saaledes var Hovedet saa stort og Ansigtet saa mandigt, at det Altsammen uden Skam kunde sidde mellem en Kjæmpes Axler, uagtet Eierne var af Høide som en ti Aars Gut.

Allerede iført Kirkeklæderne – thi dette var en stor Begivenhed for Byklaro – stod Targei paa Stuetrappen for at tage imod os. Med Huen i Haanden og med langsomme, høitidelige Skridt nærmede han sig Presten og bød ham sit opriktige: «Velkomin, Far». Da jeg sprang af Hesten, gjorde jeg i ungdommelig Overgivenhed et lidet Rundkast tæt ved de Hilsende. Targei, hvem jeg kjendte fra fordums Dage, saa bebreidende paa mig, men sagde kun: «Du er eit fure ting, Per.» Udentvivl



Uvistog Byklum der Per Søgaard, lensmann Tveiten og sokneprest Dahl vart tekne mot av Tarjei Ávollsson Byklum.

syntes han, at jeg havde tilsidesat den Høiagtelse og Ærbødhighed, som især vore Fjeldbønder altid vise sin Sjælesørger. Han førte os derpaa ind i «Prestestogo», som var ren og koselig. Bordet blev strax dækket, og med den største Velvilje sattes frem, hvad Huset formaaede. Lidt efter lidt fyldtes Stuen med Tilskuere, som med nysgjerrige Blikke iagttog enhver af vore Bevægelser; mange havde ogsaa et og andet at afgjøre med Presten, saa det blev sent paa Kveld, førend vi kom til Ro.

Allerede Kl. 6 om Morgenen vare vi paa Benene; Toilettet forettedes – at sige kun for endel – ved en Kilde tæt ved Gaarden, hvilken Konen troskyldigt anviste os, da jeg bad hende om Vaskevand. Ved vor Tilbagekomst havde Targei allerede gjort Ild op paa Peisen, over hvilken jeg, saa godt jeg kunde, kogte vor Kaffe, en den gang i hele Valle Prestegjeld fuldkommen ukjendt Drik; nu er det nok anderledes. Kopper, Knive og andet Dækketøi førte vi med os, men da jeg til mit, jeg tør ikke sige «fornuftige», Madstel behøvede en Spylkum og bad Targei laane mig en saadan, erklærede han, at der ikke fandtes en «Steikop» i hele Bykle Sogn – et ret godt Bevis paa Befolkningens ringe Fordringer med Hensyn til Bekvemmelighed.

Kl. 10 Søndags Formiddag ringedes sammen. Det var interessant at se Almuen i sin Stadsdragt fra forskjellige Kanter at nærme sig Kirken. Alle vare Kjenninger, og en god Tid gik med, førend de ved at «nævatakast» havde hilst paa hinanden. Vallesokningerne beskyldte Byklaro for Mangel paa sin

Levemaade og havde mange Smaa-historier at fortelle i den Retning. Jeg fandt dem dog ligesaa civiliserede som hine; kun faldt det mig noget besynderligt at se Mændene storme ind i Kirken, drage Kniven og slaa den ind i Væggen for at «faa Noget at hænge sin Hat paa». Da dette var skeet, knælede de ned for at bede, hvilket vistnok er en Levning fra den katholske Tid, en Skik, som ogsaa bruges i Valle.

Kirketjenesten varede længe, thi der skulde prædikes, holdes Altergang, Barnedaab og Brudevielse. Kl. 4 – tror jeg – var den endt, og man samledes paa Byklum. De, der ikke hørte hjemme i Kirkebygden, havde naturligvis sin Niste med, og for at indtage denne spredte man sig paa Marken i Klynger. Blandt disse opdagede jeg en Kjenning, Knut Breivik, hvis Eiendom ligger Tre Mil derfra nord i Fjeldet. Han ansaaes for en af Bygdens mest formuende Mænd, uagtet han ikke avlede et eneste Korn; men han forstod at benytte den fede Fjeldhavn. Knud indbød mig til at sidde ned at tage Del i Maaltidet. Som Skik og Brug var, maatte jeg lade mig nøde lidt, men jeg gav snart efter, da Knuts tre smukke Døttre føiede sine Bønner til hans. Knut var en oplyst og forstandig Mand og hans Døttre muntre, saa Konversationen under det serdeles velsmagende Maaltid var livlig og Stemningen kordial, som vi sige paa det fine Maalet. Da vi lagde Kniv og Gaffel, eller rettere, da vi tørkede af vore Knive, trak Knut frem sin Lommelerke og drak mig til med et «Gutaar».

(Frå P. M. Sjøgaard:

I Fjeldbygderne. Christiania 1868.)

Kjenne seg heime

Enno ein gong er eg komen heim. Til Bykle i august 2020. Eg har kvilt i den vesle støyshytta på Iverone. Høyrst susen frå elva, sett sola på nutane og vaska andletet i bekken. Med opne sansar har eg køyrt gjennom det kjende landskapet frå Byklestøylane til Kyrkjebygdi. Skoda Hårshovden og Stavenesliane, lytta til Otra under Kvæven og kjent vinddraget kring Vråstøylfjellet. Det var her me jaga sauene om våren og dreiv kyrne på støylen 14. juli. Som unge sykla me til Grøne-myv og kappsprang på grusvegen den 17. mai.

Slik møter eg dagen gjennom bygda – enno ein gong. Vender auga mot den vesle kyrkja og Mosdølsfjellet i vest. Dei lyfter seg mot den blå himmelen og fortel at tida og livet har gått sin gang. Fjellet har stått der gjennom tusen av år. Kyrkja har gjeve kvilestad til forfedrane og formødrene gjen-



Gunvor og Olav var fosterforeldre til Hallvard Olavson Mosdøl.

nom tidene. Alt er som før, men ingenting det same. Eg veit at nær den kvite kyrkjeveggen kviler far, Hallvard Olavson Mosdøl f. 25.12.1911 og mor, Ingebjørg Torsdotter Trydal f. 17.10.1912. Dei vart nær 88 og 90 år gamle.

Eg kjenner tidsspennet i kroppen. Frå riksveg 9 ser eg ned på fødestaden. Der ligg Kultran-garden 100 m frå kyrkja. Eller som eg seier til kjenningar: ‘Eg voks opp på Kultro og var nabo til Bykle kyrkje’. Tenk eg vart nabo til den rosemåla kyrkja i Bykle. Det ligg ei livssoge bak.

Far, Hallvard Olavson, var eldste son til Gunhild Hallwardsdotter Mosdøl og Olav Knutson Stavenes. Han kom til å vekse opp som fosterson hjå Gunvor og Olav på Kultro; endå han var fødd som odelsgut til Lunden i Mosdøl. Eg veit at bestefar hans, Hallvard Drengson Mosdøl, var gift med Torbjørg Åsmundsdotter Ryingen frå Nordbygdi. Farmor Gunhild blei fødd i 1888. Då syster hennar, Jorunn, kom til verda to år seinare, døydde Torbjørg av barsel-feber i august, få dagar etterpå.

Hallvard Drengson sat utan kone på garden, men til hjelp hadde han den yngre syster si, Gunvor. Han ville ikkje gifte seg att. «For eg har vore gift med Bykles venaste jente,» sa han. Det blir fortalt at farmor Gunhild som liten, skal ha sagt til tanta si: «Fyrst eg får ungar, skal du få ein av dei.» Såleis vart det; noko som er starten på mi sog.

Hallvard Olavson Mosdøl overtok garden på Kultro i 1934 og gifte seg med Ingebjørg Torsdotter Trydal i Bykle kyrkje våren

1936. Dei fekk ein vakker sommar i sin sterke ungdom med Gunvor og Olav som eldre kårfolk, buande i den eine stoga. Hausten kom med vanleg gardsarbeid. Bjørkeskogen måla landskapet i gull før greinene slepte blada og sauene vart henta frå fjellet. Då var eg med i det store spelet.

Eg vart fødd 10. februar 1937, nokre veker for tidleg. Mor fall i den smala trappa opp til loftet. Eg var på veg. Farmor Gunhild kom til Kultro og fungerte som 'nærkone'. Ho tok imot – og gav meg pusten i livet. Som bitte liten vart eg i denne situasjonen heimedøypt fire dagar seinare. Det var lærar og klokkar Tarald D. Mosdøl, bror til oldefar, som auste vatn over hovudet og bad for meg. I fyrste messe etterpå vart eg velsigna av soknepresten, og dåpen vart stadfest i Bykle kyrkje søndag 2. mars.

14 år seinare stod eg til konfirmasjon i den gamle kyrkja saman dei andre i årskullet. Det var Trygve Nortvedt som var sokneprest den 3. juni 1951. Eg fekk ein blå nynorsk-bibel med omsetjing frå 1938 til gåve. Helsingorda lydte frå Johs. 3,16: «For so hev Gud elska verdi at han gav Son sin, den einborne, so kvar den som trur på han, ikkje skal verta fortapt, men hava æveleg liv.»

Når eg ser tilbake i dag, kjenner eg at kyrkja i Bykle vart ei ramma kring livet. Eg følte meg som nabo til det særmerkte guds-uset fram til mi utflytting i vaksne år. Ei rekkje minnepunkt var knytt til staden. Difor hentar eg fram ein del opplevingar som betyr mykje.

På ny har eg rusla over kyrkjegarden. Som gutunge gjekk eg ofte forbi og tenkte at eg kjende mange som låg der. I dag veit eg at her ligg støvet av tusentals byklarar: barn, kvinner og menn. Kyrkja er nemnd i eit gamalt pavebrev frå 1327, med «Ecclesia de

Buglum», og i bispebrev frå 1619 om å setje opp att «Bøckle Anex Kircke som enn lang-sommelig tidt haffuer liggett øde ...». Namna på gravsteinane og krossane fortel om dei mange kjende og ukjende, lange og korte liv gjennom tidene. Eg let tankane vandre:

*Den bratte liv gjev store krefter
til slektene som odlar fjellet
gjennom tusen år.*

*Så sterk ein trong i hug og lemer
når elsken skjelv igjennom sinn
til viv og mann
og kroppen reiser seg i vind
med kraft og veldig hand.
Så sterk ein trong
som trassar alle tap
der somme brotnar ned og blir til skrap.*

*Eg tenkjer på dei store linjer
i folket som har sveitta
mellom dal og hei.*

*Så lang ein veg frå jord til himmel
for den som leitar etter gull
i aur og fjell
og vonar slitet kronast skal
med rikdom og med hell.
Så lang ein veg
og mange brotne bein
der ingen kjem frå ferda utan mein.*

*Så lang ein veg.
Så lang ein veg.*

Eg stansar ved tre namn på gravsteinane. Dei har sett spor i livet mitt: Gunhild, Ingebjørg og Hallvard. Gunhild Hallwardsdotter fødd i 1888 vart odelsjente i Mosdøl, som var gammal skysstasjon. Ho gifte seg med Olav



Frå konfirmasjonsdagen 3.juni 1951.
Frå v. Olav, mor Ingebjørg, syster Gunvor,
far Hallvard, bror Tor og framme Gunvald
2 år.

Knutson Stavenes i 1910. Frå den tid og heilt fram til 1947 var ho bondekone på garden. I tillegg vart ho nærkone/jordmor for dei fleste gravide i Byklum krins fram til 1945. Det var mange. Berre i 1923 vart det fødd 10 born.

I gamle dagar var det smått både med sjukehus- og dokterhjelp i Setesdal. Konene måtte greie seg som best dei kunne. Ofte var det ei kone i bygda med gode nerver og godt handlag som måtte ta oppgåva som 'jordmor'. Ei av desse var farmor Gunhild. Farfar, Olav Knutson, fortalde det slik ein gong:

– Du veit det var mange gonger ho måtte av garde, jamvel om ho gjekk med egne barn. Ho fekk 9 sjølv. Men det raraste var, at det syntest aldri å gjere noko. Ho var like roleg som alltid. Var det stygt ver, måtte eg fylgje med henne og bere lykt. Det vanskelegaste var når ho sjølv hadde 'sogbarn'

heime. Men heldigvis gjekk det aldri gale ein einaste gong.

Eg var 10 år då farmor vart sjuk og døyde. Det var den varme sommaren i 1947. Ho vart lagt i kiste på låven. Då fekk eg vere med far til Mosdøl og sjå henne død. Det var ei spesiell oppleving. Kistelokket vart teke av, og der låg ho. Det fyrste døde mennesket eg hadde sett. Så bleik og stille med lukka augo, men samtidig vakker med knepte hender; ho som hadde halde meg på fanget, og sagt at 'eg var guten hennar'. Det var mange kransar på kista og eit stort fylgje på vegen til Bykle kyrkje. Tårer kom i augo då presten, Aasulv Austad, la tre små jordskuffer på kisteloket og sa: – Av jord er du komen, til jord skal du verta. *Men av jorda skal du atter standa opp.* Så lydde ein salme, kyrkjeklokka ringa, og eg visste meir om døden.

22. februar 2002 hadde eg konsert i Fjellgardane kyrkje på Hovden, og natt til den 23. sat eg ved ei seng på bygdeheimen i Bykle. Mor pusta tungt; var inne i ein lungebetenelse og dei siste timane av livet. Eg heldt handa hennar. Kjende pulsen slå og følte livet passere revy.

Mor kom ikkje som ukjend til Kultro, men som 24-åring måtte ho læra å tilpasse seg. Eg minnest ho sa: – I den gamle tømmerbygningen frå 1870-åra var det to stoger: innestoga, utestoga og 'sjeltilet'. Det var før eit større hus-påbygg kom i 1943. Innestoga var fellesrom om dagane til samvær og måltid. Der stod senga til dei gamle, medan dei unge hadde sengeplass i utestoga. Mat og mjølk stod i eit lite kammers mellom roma. Dei fyrste åra delte dei buskapen med kårfolket, hadde 2 kyr kvar og 30 sauer i lag.

Dei fem borna på Kultro kom ikkje så tett at Ingebjørg følte stor belastning: Olav i 1937, Gunvor i 1939, Tor i 1943, Gunvald i

1949, Torbjørg i 1953. Når mor såg tilbake, tala ho om 'dei solhøge år'. Ho var lett på foten og hadde god helse. Førte eit gjestfritt hus og deltok i bygdelivet; gledde seg over barna, svigerbarn og barnebarn. Ingebjørg var raus husfrue og låg aldri i strid med nokon. Ho sa det slik: – Eg fekk lov til å vere dronning i mitt eige rike!

Kl. 02,45 høyrer eg ein djup pust. Eit siste sukk. Så blir alt stille. Handtrykket blir borte. Ånda og sjela hennar reiste. Ho heldt i handa til son sin, som ho lærte å be:

«Gud og Fader lat meg sova
under englevakt i stova,
ver mi sol om natta, du.
Når så siste dagen dalar,
lyft meg opp i dine salar
lei meg over stjernebru.

Då Hallvard Olavson flytta som liten og vart fosterson på Kultro, kom han til å bli nabo til Bykle kyrkja. Han fekk nye kameratar, men hadde god kontakt med foreldre og 8 sysken i Mosdøl gjennom åra. Han vart bonde på garden og utdanna seg som snikkar og bygningsarbeidar; såleis var han med på reparasjonen av det gamle kyrkjetaket i 1939. Ved sida av sitt faste arbeid vart han spurt om bli kyrkjetenar i 1947.

Det trega aldri Hallvard på. Å ta seg av faste oppgåver for kyrkje og kyrkjelyd vart meir ei teneste enn ein jobb. Han fortalte det slik ein gong: – Eg var kyrkjetenar heilt fram til 1984 og fekk oppleve mykje. Det var å sjå etter bygget, vere til hjelp for prest og klokkar, pynte altaret, leggje til rette ved bryllaup og gravferd, ringje til messe og kime inn jola. Og ein gong fekk eg vere omvisar for kong Harald. Dette med jola vart



Fem sysken samla i Bykle på diamant-bryllaupsdagen til mor og far, 30.mai 1996. Frå v. Gunvor, Olav, Tor, Gunvald og Torbjørg. (Foto: Privat).

ei oppleving for borna. Olav var den fyrste som fekk vere med. Å kime frå kyrkjetårnet var noko særskilt, då steig klokkeklangen over bygda og heiane – ut mot heile verda. Dessutan følte eg det som ei oppgåve å be for presten og messa kvar kyrkjesundag.

Når far såg seg tilbake, tykte han desse åra gav mykje. Mange og varierte oppgåver. I tillegg var prestane interessante menneske. Kven minstest ikkje Trygve Nortvedt, som var så blid og kvikk? Han bad smilande om ein fotskammel på talarstolen, fordi han var noko liten. Kven hugsar ikkje neven til Sverre Olsen? Han var sterk kar som fylte heile kyrkja med røysta si. Preikene var noko som betydde mykje for far og førte han inn i eit åndelege landskap. Difor tala han med glede om fleire prestar, som Jens Bjelland, Leif Raustøl og Theis Salvesen.

Når eg minnest tida heime, hadde kyrkjegonga også ein viktig funksjon på det familiære og sosiale området. Sundagane vart ein møtepunkt for skyldfolk og kjenningar. Eg hugsar at det aldri kom ein messedag utan at gjester blei bedne til middag på Kultro. Det kunne vere folk frå Trydal eller Hoslemo, frå Glidbjørg eller Vatnedalen, frå Breive eller Bjåen. Far bad folk med seg, og mor tok velvillig imot. Kyrkja var med og sette farge på livsveven.

I dag kan eg takke mor og far for at eg saman med sysken og familie fekk vekse opp i Bykle. Kultro var ein god heimstad med fri-dom og mykje omsorg, som bar meg fram over livsens berg og dalbanar. Eg vart glad i kyrkja, og den blå konfirmant-bibelen kom til å fylgje meg gjennom alle år. Her kjenner eg meg heime, og framleis kan eg salme 121 utanboks. Den deler eg med alle lesarane mine:

«Eg lyfter augo mine upp til fjelli;
kvar kjem mi hjelp ifrå?
Mi hjelp kjem ifrå Herren, han
som hev skapt himmelen og jordi.
Han skal ikkje lata foten din vera
ustød, han skal ikkje blunda, din vaktar.
Sjå, han blundar ikkje og søv
ikkje Israels vaktar.
Herren er din vaktar, Herren er
din skugge ved di høgre hand.
Soli skal ikkje stikka deg um dagen,
og ikkje månen um natti.
Herren skal vara deg frå alt
vondt, han skal vara di sjel.
Herren skal vara din utgang og
din inngang frå no og til æveleg tid.

(Omsetjing frå 1938)

Bedlag

Ei og same bygd var delt inn i fleire bedlag eller grender. Grensene for slike bedlag gir seg ofte av den forma busetnaden i vedkomande bygd hadde, i og med at ei rekkje gardar kunne liggje samla og klårt fråskilde andre grender. Men grensene gjekk ofte over kvarandre, og det var ikkje uvanleg at ein gard i utkanten av ei grend kunne høyre til to bedlag. I fleire tilfelle er det den historiske utviklinga som har fastlagt bedlagsgrensene, på den måten at gardar og bruk som har vorte utskilde frå ein opphavsgard, høyrde med til eitt og same bedlaget. Garden innanfor eit slikt bedlag bad heile grenda til likferd og bryllaup. Ofte fell bedlagsgrensene for bryllaup saman, men ikkje alltid. Lengst har skikken med å be grenda til likferd halde seg.

Rundt i landet er bedlagsgrensene for det meste bortgløymde. Ei av dei få bygene der dei enno finst, er Bykle øvst i Setesdal. Vi skal difor nytte Bykle som døme og vise til kartet på neste side. Dette viser oss bedlagsgrensene slik gamle folk hugsar dei og slik dei overleverer tradisjonen frå førre hundreåret. Dette spesielle dømet kan også fortelje om skipnaden meir allment. Institusjonen er visseleg gammal og heng saman med eit bondesamfunn med små omskifte. Et sosialt fellesskap må liggje under. Folk trong kvarandre i samvære og til gjensidig hjelp.

I Bykle er grensene for bedlaget til likferd og bryllaup dei same. Det er

framleis (1967) vanleg å be grenda til likferd, sjeldnare er det i dag å be grenda til bryllaup. Eit bryllaup der både brura og brudgomen sine grender er bedne, blir kalla eit «fullt» bryllaup, og slike høgtider har det vore så seint som i 1960-åra. Var det ikkje fullt bryllaup, sa dei at dei skulle «vigje med tvei mann».


Grensene for bedlaget og dei seinare omgangsskulekrinsane ser ut til å ha falle delvis saman. Eit unntak var det med Botnen og Nordbygdi, som var *ein* omgangsskulekrins, men med ulike bedlagsgrenser. I bedlaget Trydal – Stavenes, som likeins var same omgangsskulekrinsen, vart det omskifte med grensene då det kom bru over Otra og dermed batt Stavenes til Kyrkjebygdi. Stavenes kom deretter til å høyre dette bedlaget og denne skulekrinsen til. Glidbjørgardane, som er utskilde frå Stavenes og høyrde til same grenda, kom til å svinge mellom to grender etter at det også der kom bru.

Noko uregelrett har det vore med bedlagsgrensene i Nordbygdi og Botnen, utan at det kan forklarast med nye bruer, vegar eller anna. Bedlaget for Tveiten-gardane er gardane frå og med Nesland i vest til og med bruket Nygård i aust. Holen-gardane bad denne grenda og dessutan dei to bruka Solli og Moen, som elles høyrde Kyrkjebygdi til. Neslands-gardane bad heile Nordbygdi og dessutan heile Botnen, medan grenda til Botn-gardane var Botnen og Nesland.

Kvar grend er dessutan delt inn i

Bedlaga i Bykle

Gardsbruk er merkte med små ringar, plassar og nyare fråskilde bruk med prikkar. Grende-grensar for gravferd og bryllaup er oppdregne med grov, streka line. Grensa for tokedugnad heime er teikna som ei innringing med finare streka line. Der området for tokedugnad heime og på hei og støyf ikkje fell saman, er ringen for det siste området teikna open utetter med prikk-strek-line. Teikna 1967.





Då denne brua over til Stavenes vart bygd, vart den gamle bedlagskipnaden endra.
(Jon O. Løyland.)

mindre tokedugnad-einingar. Gardane innanfor ei slik eining er pliktige til å hjelpe kvarandre med hustekking. Dugnadsområdet for tekking heime på garden er i mange høve større enn området for tekking i utmark og på stølane. Her tek vi atter Nordbygdi til døme: I tokedugnad heime er Neslandsgardane for seg, Tveiten- og Holengardane i lag; men i tokedugnad i utmarka og på stølen var også dei to siste gardane kvar for seg. Dei nyare bruka (Viki, Lyngtveit, Haugane og Nygård) er ikkje med i tokedugnad av noko slag. Dei hadde så få hus at det svara seg ikkje å vere med, heiter det.

«Dei ba te' dugna'» ein eller to frå kvar gard etter kor stor toka var. Med på dugnaden var både kar- og kvinnfolk. Karane var på toka og kvinnfolka bar torv, mold og never og sende oppetter stigen. Fleire av heimelskvinnene

har vore med på dette. Dei som var med på dugnaden, hadde med mat, og fekk kaffi på staden. Slik var det alltid i utmark og ofte heime òg. I somme høve fekk dei maten der dei arbeidde. I Bykle der torvtekte tak har vore vanlege og framleis delvis er det, har tokedugnads-skipnaden halde seg til det siste. I 1965 heldt dei ein stor tokedugnad på Hoslemo for å leggje eit bølglekktak.

Køyredugnad har det likeins vore. Det var inga plikt, men meir ei friviljug grannehjelp å vere med når t.d. tømmer skulle fraktast, eller hus reisast. Som takk for hjelpa fekk dei mat. Dugnad på slått og skurd har det ikkje vore. Men det hende det var dugnad på kornkøyring.

(Før prenta i H. Landsverk (red.): *Gilde og gjestebod*. Oslo, 1. oppl. 1967, 2. oppl. 1976.)

Ei bøn om himmelen

Ein februar dag i år 1700 sat soknepresten til «Sandager og Hulevad Menigheder» på Fyn, Hans Jacobsen Hvalsøe, og forma ut føreordet til den nye boka si, «De Bedendes aandelige Kiæde». Boka var sett saman av i alt 41 lekker, og den siste av dei er bøna: «Om Himmerig og det Evige Liv».

Etter ei tid, me veit ikkje når, vart denne bøna kjend i Setesdal. Folk tykte vel om ho, og tok til å nytte henne i likferdene. Den danske bøna vart ein del av tradisjonen i Bykle og Setesdal.

Ein oktoberdag i 1947, sat vår eigen sokneprest Aasulv Austad og gledde seg over denne skatten: «Bøna i seg sjølv er full av ånd og liv. Når ein har lesi ei bøn or den boka, sit ein att med ein skatt av velsigning», skrivar han i «Vegleiaren». Samstundes førde han den gamle bøna over på norsk mål, med ynskje om at «bøna kan brukast av komande ætter».

Me gjev att bøna i Aasulv Austad si oversetting:

Eg arme og elendige menneskje.
Kvi syrgjer eg so mykje for det jordiske?
Kvifor lyfter eg ikkje mitt hjarta upp,
og tenkjer meir på det himmelske rike
og det evige liv?
Tenk for ei glede eg hev i vente,
der det er yverflod av glede!
Tenk den frygd eg der skal finne,
der Herrens atterløyste
skal koma til Sion med frygd,
og evig gleda skal vera yver deira hovud,
men sorg og sukk skal fly langt frå dei!

Å Gud, hjelp meg, so eg i all trengsel og sorg
må trøysta meg til det evige livs herlegdom!
For der skal Gud turka gråten or augo mine,
so eg aldri skal sukka, syrgja eller pinast meir.
Å Gud, gjev at eg må gløyma all mi sorg
eg hev i verdi,
når eg tenkjer på den evige glede
eg skal få i himmelen.
For der skal vera større glede
enn noko auga hev set,
enn noko øyra hev høyrte,
enn nokor tid er komi upp i menneskehjarto.

Her er det mi trøyst at eg kan sjå Gud
i ordet som i ein spegel.
Men når eg fær sjå han der
åsyn til åsyn,
då skal det vera mitt herlegaste liv
og mi høgste sæla.

Å Jesus, du skal ha æra,
for du hev skipa til denne gleda for meg:
Du gjekk burt for å stella til ein verestad
for meg i din Faders hus,
og du hev lova å take meg heim til deg,
so eg fær vera der du er,
det er i Himmelen,
der eg skal ha samliv med Gud,
venskap med hans englar,
og frygd mellom dei utvalde.

Kom so, kjære Jesus,
og tak meg heim til sæla
i det evige livet!
Løys meg ut or all naud og elende
i denne vonde verdi!
Ja, Herre Jesus,
gjev meg ei sæl heimferd!
Gjev eg må få det eg trur,
og sjå den herlegdomen eg vonar!

Å ja, Herre Jesus,
kor mykje godt du hev gøymt
for dei som ottast deg!
Kor stor sæle du hev skipa til
for dine utvalde!
Herre Jesus, gjev at eg alltid må lengta
og stunda etter dette!
Som hjorten styn etter rennande bekker,
so styn mi sjel etter Gud,
etter den levande Gud!
Når skal eg få koma heim
og sjå han i landet åt dei levande?
For her er jammer, pine, møda og elende.
Men der er ikkje synd eller død,
der er ikkje sorg eller trege,
der er ikkje pine eller verk,
der er ikkje vakling eller freisting,
der er ikkje sjukdom eller vanhelsa,
der er ikkje armod eller fatigdom,
der er ikkje hat eller vreide,
der er ikkje ovund eller misunning.

Der strevar ein ikkje etter ære og heider,
der søkjer ein ikkje makt og velde.
Der ottast ein ikkje for djevel eller helvete.
Der bur alle Guds martyrar i fred,
der lever alle Guds barn i sæla.
Der skin dei heilage som stjernor,
og dei som hev lært andre
som ein himmelsk glans.
Der ser borni sine foreldre
og foreldri sine fedrar.
Der er ikkje regn eller snø,
kulde eller hite,
møda eller arbeid.
Der er ingen fiende eller forfylgjarar.

Der er ikkje utukt eller urein lyst,
der er ikkje skam eller skjemsla.
Der trår ingen etter å synda
og der kan ingen synda.
Der er frygd utan sorg,
der er gleda utan sut,
der er kvild utan møda,
der er ljøs utan myrker,
der er evig liv utan død,
der er evig godt,
og inkje vondt.
Der er ungdom utan alderdom,
der er kjærleik utan hat,
der veit ein ikkje av nokor liding,
der høyrer ein ikkje nokor klage,
der ser ein ikkje til noko sorgtyngd.

Tenk om me var der!
Ja, tenk om me var der.

Å Jesus,
hjelp meg å koma dit,
der eg fær syngja til ditt namns æra,
og prisa di sæla utan ende!

(Prenta i Vegleiaren nr. 10, 1947.)

«Vigde malmars himmelbårur løyser varme bønnetårur»

- om song og musikk i Bykle kyrkje.

Dette sitatet frå «Emne» av Olav Aukrust, fører tankane attende til salmesongen i gamletida. Det var før orgelet hadde gjort sitt inntog i dei fleste kyrkjene. Salmane vart sungne seint, og naturtoneskalaen rådde. Der var rom for slengjer og god tid til å tenkje over tekstene. Denne songstilen var rådande i Bykle kyrkje heilt fram til først på 80-talet.

Klokkaren vart ein sentral person i gudstenesta. Han leidde songen frå plassen sin i klokkarstolen. Frå gamalt av reiste han seg i stolen når kyrkjelyden skulle syngje. Han sa fram salmenummeret og stemde i. Klokkaren måtte vere ein stø songar. Det vert sagt om Tarald Mosdøl at det vart høgtid i kyrkja når han stemde i, og både han og Svein Rygnestad song godt. Det same galdt dei andre klokkarane.

Songstilen har nok utvikla seg over tid. Det vert fortalt at då Bjørgulv Holen tok til som klokkar, song han mykje fortare enn Tarald og Svein hadde gjort. Dette var det ikkje alle som likte. Innstillinga til endringar var visst den same då som no: «Mi have alli havt det sossa fyrre»! Men folketonane var framleis i bruk. Både Bjørgulv Holen og Åvoll Byklum heldt dei i hevd. Dette var såpass spesielt at Institutt for Musikkvidenskap kom i 1976 og tok opp salmesongen i kyrkja. Dei ville take vare på det for framtida. Også tidlegare er det gjort opptak av songen i kyrkja.

Det var god song i kyrkja frå gamalt av. Folk flest gjekk til kyrkja dei få messene som var i året. Kyrkjelyden tok aktivt del i songen. Fleire av salmane hadde dei nok lært utanboks på skulen. Det var også vanleg å ha lesing i heimane kvar sundag. Johan Arnd's Huspostille blei brukt. Då song dei gjerne ein salme før og ein etter lesinga. Mange salmar vart lært på den måten. Kyrkjesundagen tok dei med sine eigne salmebøker. I seinare år kjøpte kyrkjelyden salmebøker til å ha i kyrkja.

Nokre salmar vart alltid brukt i visse samanhengar. Dåpssalmen var «O lad din aand nu med oss være». Den vert framleis brukt, om ikkje ved kvar dåp. Salmen «Milde Jesus» vart og ein del brukt. Bryllaupssalmen var «Du ledet frem med almaktsbud». Brudeparet gjekk fram til altaret når kyrkjelyden song «..som treder for ditt åsyn frem». Etter vigsla song dei det siste verset. Ved altargang brukte dei «Den største høgtid her på jord». Då reiste klokkaren seg og song to vers for kvar omgang rundt ringen.

Likferdsskikkane var noko ulike frå krins til krins. Fram til slutten av 60- og fyrst på 70-talet var det vanleg å ha likferda frå heimen. Dei hadde då eit måltid heime fyrst. I Byklum brukte dei «Det unne oss Gud å leve so» til bordvers. Utgangssalmen frå heimen var «O, Jesus går du nu din veg». Medan gravfylgjet gjekk inn kyrkjeporten, song dei «Her møtes alle veie». Dersom presten var der, hadde dei jordpåkasting. Skyldfolk kasta så att grava. Siste verset, «Så smile da hvert øie», vart sunge heilt til slutt. I Hoslemo brukte dei «Vår disk og duk er alt beredt» som bordvers i likferd.

Det var vanleg at presten las liturgien under gudstenesta. Nokre få av prestane dei siste 30 åra song i staden. Det

var vanleg at klokkaren song svara. Då Møll var prest her sist på 70-talet, samla han nokre av dei beste songarane i kyrkjelyden for å lære dei og syngje dei liturgiske svara. Det tok likevel litt tid før kyrkjelyden vart aktivt med på den delen av gudstenesta.

Etter kvart vart det vanskeleg å få klokkarar som kunne leie songen på gamlemåten. I 1975 tok soknerådet til å arbeide for å få orgel i kyrkja. Bjarne Sløgedal var konsulent, og i eit soknerådsmøte i -77 vart eit framlegg frå orgelbyggjaren og konsulenten vedteke. Orgelet skulle stå på trevet. Her stoppar saka. I eit brev frå konsulenten får vi forklaringa på kvifor det enda slik: «Saken ble den gang stanset – eller dels vanskeliggjort ved at det fra visse hold i



I likferdene vart det alltid sunge faste salmar. Slik var det like fram til fyrst på 70-talet. Biletet er frå likferda til Sigbjørn Knutsson Vatnedalen i 1941.



I nyare tid var Bjørgulv Holen saman med Åvoll Byklum den fremste utøvaren av den gamle songtradisjonen. Her har Bjørgulv teke seg av saman med kona Margit og sonen Gunnar. (Jon Løyland 1952.)

Aust-Agder fylke ble hevdet at man i Bykle kirke burde fortsette med å synge salmer og liturgi *uten* orgel, – og etter naturtoneskalaen slik det har vært gjort i lang tid.»

Ikkje lenge etter dette vart det kjøpt inn eit lite elektronisk orgel. Det vart plassert fremst i skipet, på venstre side. Kyrkjelyden hadde ikkje organist, men presten fekk ofte med seg organisten i Valle eller Hylestad. Frå -81 tok Ingrid Løyning på seg å spele i kyrkja. Då det elektroniske orgelet vart øydelagt av mus, kjøpte soknerådet eit harmonium, det vil seie eit trørgel. Frå -85 kom nokre år der Bykle delte organist med

Valle. Seinare kom den ordninga vi har no, der soknerådet og musikkskulen deler ei stilling.

Ynskjert om å få eit skikkeleg pipeorgel i kyrkja var der framleis. I -83 vart det sett ned ei nemnd som skulle arbeide med saka. To år seinare vedtok soknerådet at svensken Nils-Olof Berg skulle byggje orgelet, etter teikning av arkitekt Ulf Oldaeus. 5. februar i 1989 vart orgelet vigsla. Stein Johannes Kolnes, orgelkonsulenten, heldt konsert der han viste kva orgelet dugde til. Då hadde vi fått eit lite pipeorgel med eit manual og fem stemmer. Alle pipene var i tre. Det hadde vore litt diskusjon om ein heller skulle ha eit kisteorgel på trevet. I staden vart det eit lite pipeorgel framme i skipet. Kirsti Jahnsen måla det. Ein la vekt på å passe orgelet til interiøret elles i kyrkja og til fargar og måla dekorasjonar.

Då resultatet sto ferdig, var dei aller fleste nøgde både med utsjånad, plassering og lyd.

Frå gamalt av hadde dei ikkje konsertar i Bykle kyrkje. Den fyrste konserten eg har registrert var med Sondre Brattland i -85. Seinare har det vore om lag to konsertar i året. Etter at orgelet kom, var det lettare å få det til.

Tek ein utgangspunkt i den gamle songtradisjonen i Bykle kyrkje, ser ein at mykje har endra seg. Den gamle syngemåten måtte vike for ein ny. Somme sørgjer over det gamle som er fare, medan andre er glade for det nye som kom. Historia viser at vi ikkje kan stoppe ei slik utvikling. Vi har enno dei som prøvar å take vare på noko av det gamle og lære det vidare til nye generasjonar. Det skal vi vere takksame for.



Olav Mosdøl

Det kima ei klokke

Månen stod lågt over Noheia.

Olav sprang over tunet. Han skimta ein skugge på snøen.

- Ein engel, for det gjennom guten. Føtene flaug mot fjøset. Døra opna seg mot han med kvit røyk. Med lukt av dyr i jolekvelden.

Mor hadde gått tidleg for å stelle buskapen. Etterpå skulle ho lage nepe-spa, koke fisk og leggje lefse på fat. No stod ho her og tok imot han med heile fanget sitt.

- Såg du noko? hiksta han og heiv etter pusten.

- Over snøskavlen der!

- Ja visst, såg eg engelen min! Han flaug over snøfennene. Rett i armane mine. Eg fanga heile guten.

Olav kjende kroppen hennar anga av høy. Av sommar og dyr. Det lindra all uro i hjarta. Han hjelpte til med stellet: vatn til sauene, og havre til hesten. Mor henta høyet frå den mørke løa. Der måtte ho rive laust, for han hadde traka så hardt i sommar.

Ho vart borte i mørkret. - Lenge, tykte han, og klødde Venesau bak øyra. Brått begynte hjarta å pikke: veldig

fort, veldig fort. Han famla seg fram langs veggen for å skimte over låvebrika. Men mørkret var heilt tett. Bak stod Venesau og dulta han i bakenden.

Brått fall ei strime av måneljos inn i skålen. Han greip fatt i ei sauebjølle på veggen og ringla alt han orka.

- Kva er detta, Olav? Mor ropa borti saueløa ein stad.

- Eg er heilt eismal, svara han. Han tenkte på skuggen over snøen.

- Kom no. Alt er bra! roa mor. Ho steig fram i ljuset.

- Det er måneljost i kveld. Slik var det sikkert på Betlehemsmarkene. Og du skal ringje inn jola med far.

Ho tok bjølla, hengde ho kring hal-sen på sauens hals. Den stod og nappa høy. Det singla så vent i massingen. Mest som ei lita kyrkjeklokke, tykte Olav. Han vart kar att. Tok fjøskrakken og sette seg ved sida av mor. Ho heldt på å mjølke Kransli.

- Du mor? Trur du gjetarane vart redde på markene? Mor retta ryggen sin, strauk håret vekk frå panna. Ho smilte til han i det dimme ljuset. Så sette ho seg bort til ei ny ku, la kinnet inn mot den varme kroppen. Han gjorde det same. Då høyrde han korleis dei kvite strålane fann vegen til den store bytta.

Mor svara ikkje før ho var ferdig. Då tok ho sauebjølla og lyfte fjøslykta. - Sjå her, Olav! No er du og eg hyrdingar! Langt aust i Staveneslian. Ho svinga lykta, ringla med bjølla og nynna eit vers:

Stille - stille.

Det syng i natt:

Tonar milde om lova skatt.

Sus i lufta av venger små.

Englar kjem ifrå himmel blå.

- Trur du eg ville vore redd då? spurde Olav.

- Ikkje viss det var Venesau-bjølla som klang i lufta.

- I alle fall, berre lite grann! Ja, berre lite grann, sa Olav.

Då dei gjekk frå fjøset, tok han mor i neven. Han såg bortover snøskavlen. Tykte han såg ein skugge og høyrde songen frå ei klokke...

Klokka seks ringde det i kyrkja.

Olav og far stod nede i midtskipet. Dei drog i det lange tauet. Far stod med breie føter på golvet, og Olav vippte på ein benk for å strekkje til. Opp og ned. Opp og ned.

Han var sju år og kjende rytmen i kroppen. Han merka ei sugande lyfting kvar gong tauet drog seg tilbake. Han visste ikkje om andre kyrkjer som var så spennande: Eldgamle stokkar frå Svartedauen. Rosemåling på veggene. Engelen under taket. Ringjetauet nådde heilt opp til kyrkjeklokka. Han drog og drog. Opp og ned. Opp og ned.

- Sjå far! Olav hekk nesten i lufta og peika mot koret.

- Det svevar liksom to englar der inne.

- Ja visst! To englar, smilte far. - Ja visst, ser eg dei! Men det er nok berre skuggane våre? sa han.

- Dei liknar no fælt på englar, meinte Olav og sleppte tauet.

- Eg trur englane svevar slik, far! Att og fram. Att og fram. Og så er dei to, dei òg. Dei vil nok ikkje vere åleine.

Den vaksne karen fekk eit tankefullt drag over andletet. Han hengde den smidde jarnringen på kroken over midtgangen. Så sette dei seg på den gamle

benken med utskorne namn. Og tala om englar.

Det var fredeleg i kyrkja. Dei høyrde berre klokka i tårnet som riksa eit par gonger. Måneljoset fall på skrå mot preikestolen og synte eit mannsbilete med ein okse. Guten stava høgt:

- S - L - U - K - A - S ...

- Den Slukasen verkar litt skummel, sa han. Faren trudde det var målaren som hadde gjort han slik. - Det er ein kjend mann. Den fyrste s-en høyrer liksom ikkje med til namnet hans. S-en står for «sankt» og tyder heilag. Han heiter Lukas.

- Ja, slik er det, sa far.

- Lukas var lege for snart totusen år sidan. Ein gong høyrde han ei merkeleg soge om Jesus frå Nasaret. Den skreiv han ned i boka si. Me skal lese om det når me kjem heim frå kyrkja i kveld. Far reiste seg: - Det er mykje me ikkje kan forklåre heilt. Ikkje om englar heller. Men eg trur dei hjelper oss.

Dei steig oppover mot tårnet.

- Du, så bratt! Og hu, for eit mørkeloft! Dei måtte krype gjennom ei trong luka. Skikkeleg skummelt. Far kom etter med parafinlykta. Guten merka sperrer og takbjelkar i mange retningar.

Tjukke plankar i himlingen. Ein gammal stige langs ein vegg. Spindel-vev over andletet.

- Hu, for eit mørkeloft! Trur du det er flaggermus her? spurde han og tørka støvet av nasen.

- Kanskje, svara faren, men kom ikkje lenger. Han måtte gripe etter Olav, som snåva i ringjetauet. Klokka tok til å svinge.

- Så stor, sa Olav då dei stod like ved klokka. Han tok på den gule massingen.

Far lyste med lykta og las nokre rare ord:

«SI DEUS PRO NOBIS, QUIS CONTRA NOS.» - Latin, sa han.

- Det betyr: 'Dersom Gud er med oss, kven er då imot oss'.

Olav braut av: - Tala dei slik i Jødeland?

- Nei, Jødeland hadde eit anna språk. Det var romarane som brukte latin. Dei var mektige herrar med soldatar kring heile Middelhavet. Pompeius drog mot jødane med ein stor hær. Han var hærførar og tok Jerusalem. Seinare sa keisaren at Herodes skulle vere konge der.

- Han som drap alle ungane?

- Ja, han som drap alle ungane! Jødane hata han etter den dagen. Dei hadde ikkje nok soldatar til å krige. Det var opprør mange gonger. Men overmakta var for stor. Tusenvis av jødar vart drepane. Mange vart hengde på krossar langs vegane.

Olav såg på far sin. Han hadde sett lykta frå seg.

- Var romarane like stygge som Hitler?
- Eg trur dei var fæle. Difor lengta folket etter fred. Dei lengta etter ein konge, som kunne jage alle soldatane til keisaren.

- Var det Augustus?

- Ja, Augustus var den mektigaste av alle. Han rådde over mange land rundt Middelhavet. For å halde kontroll trong han ein stor hær. Han måtte skaffe pengar til soldatane. Til mat og hestar og vogner. Difor heldt han manntal for å få inn mykje skatt.

- Kva er manntal? spurde Olav.

- Det er ei folketeljing. Den måtte Augustus ha for å rekne ut skatten. Så



laut kvar familie reise til heimstaden for slekta si. Josef og Maria drog den lange vegen frå Nasaret til Betlehem.

- Og så fekk dei berre ein stall?

Far opna takluka før han svara: - Det kom mange menneske til Betlehem. Vertshusa var fulle. Josef kom dit med eselet sitt. Den unge Maria var med han. Alle kunne sjå at ho skulle ha barn. Dei såg nok ut som omstreifarar. Vertshuseigaren såg inga forteneeste i slike. Men dei fekk kome inn i stallen hans.

- Far, minnest du fantane som kom i haust? Dei kom heim og fekk plass på låven. Dei hadde småungar og fekk

sove i høyet. Det var nesten som i Betlehem. Båe tagde.

Dei steig nærare klokka. Dei gjorde seg klar. Putta bomull i øyro. Drog skinnluene god ned. - Så rart, tenkte Olav då han lyfte kolven og slo. Slik begynte livet for barnet.

Barnet - som hadde sendt ein engel.

Då hørde han klangen. Det var inga massingbjølle som ringla i måneskin. Han kjende ei veldig bylgje som steig frå hendene hans. Det var som kyrkje-klokka lyfte seg. Klangen steig frå tårnet. Høgare og høgare. Ut over gardane. Ut over heiane. Han kima for heile verda.



"Han va plent som a stoge," heiter det om Sorhedder, og av biletet skjønner me at det var ein grei stad å overnatte når ein var i heia. (*Viking 1947.*)

Bjarne Tveiten (1942–2020)

Storhedder fortel

Då Olav Tryggvasson i året 995 etter Kristus steig i land på Moster i Hordaland, hadde jernvinna på Hovden vore i gong i minst eit par hundre år. 300 – 400 år til skulle jernutvinninga halde fram. Rundt 1350 hadde ein Eivind Torgrimsson frå Hovden økonomiske ressursar nok til å reise på krossferd til Det heilage landet. Arven etter han var det verd å dragast om i retten. «Vikingtids handelsplass i Valle» er ein historisk-vitskapleg artikkel av arkeolo-

gen Jan Henning Larsen. I denne artikkelen gjer han, etter mi meining på ein overtydande måte, merksam på at Valle etter hans syn har vore ein viktig handelsstad i Vikingtida. Og – rundt år 1100 er ein velutdanna intellektuell, truleg med eikor tilknytning til Orknøyane, i Storhedder. Rundt år 1100 er, stort sett, høg utdanning det same som teologisk utdanning. Han etterlet seg svært avansert «grafitti» 1100 meter over havet.

Eg har valt å innleie denne artikkelen på dette viset av minst tre grunnar. For det første vil eg setje runene, figurane og dei kristne symbola på Skutesteinen attmed Storhedder inn i ein større samanheng. For det andre ønskjer eg, som Leonhard Jansen og Alfred Ryningen i «Valle kultursoge», å ta livet av forestillinga om Setesdal som eit dalføre totalt avstengt frå resten av verda i gamle dagar. Dessutan vil eg, som amatørhistorikar, sleppe fantasien til mot slutten av artikkelen.

Professorane Anders Hagen og Aslak Liestøl har i ein artikkel på vel 90 sider i tidsskriftet for norrøn arkeologi, «Viking» (Bind XI, 1947), gjort grundig, vitskapleg greie for dyrefigurane, runeinnskriftene og dei andre ristingane på Skutesteinen, like ved Storhedder. Det er på Skutesteinen, 20 – 30 meter frå overnattingsstaden Storhedder, at vi finn ristingane. 18 – 20 km vest nord-vest for Hovden, nærare bestemt nordom Storheddervatn, rundt 1100 meter over havet, ligg Storhedder oppi ei gigantisk steinrøys under Storheddernuten. Nedimot vatnet har Skutesteinen ein gong rulla, ei veldig steinblokk med innslag av blautgrjot som er lett å «skrive og teikne» på. I storverket «Norges innskrifter med de yngre runer» har professor Magnus Olsen brukt 23 sider på runeinnskriftene på Skutesteinen.

Den lengste innskrifta på skutesteinen har Aslak Liestøl tolka til: «Eg ville (gjerne) velje meg den venaste møya i verda.» Dette høyrer svært så jordnært ut, men la meg sitere litt frå utgreinga til Liestøl: «Det er fleire ting ved denne innskrifta som tyder på at runemeisteren ikkje er nokon vanleg reinsveidar

frå fjellbygdene. Noko peikar på at han kjem frå utlandet, og andre ting syner at han har hatt kunnskapar som gjekk ut over det ein skulle vente av folk frå Fjellgardane. Æ-runa er ikkje nokon heimenorsk type, og tyder på at han har tilknytning til Danmark eller Dei Britiske Øyane. I same lei peikar den spesielle bruken av Kristus-monogrammet i runeskrifta. Denne bruken er, som vi har sett, i så tidleg tid, 12. hdr., knytt til eitt visst miljø; pilegrimsmiljøet. (...) På bakgrunn av dette vil eg helst tru at han som rita Storhedder-innskrifta har kome vestfrå. Han høyrer ikkje til dei lågare sosiale laga for han er boklærd og innskrifta hans har teke svip av gamle dikt og soger.»

Som Liestøl bruker også Magnus Olsen mykje plass på denne innskrifta. Den vitskaplege utgreinga hans er lang, grundig og – synst eg – svært overtydande. Når det gjeld siste delen av innskrifta, kjem han til ei anna tolking enn Liestøl: «Eg ville (gjerne) velje meg den venaste møya i tusseheimen» (Mi understreking.) Oppe i høgheia kunne altså skrivaren godta ei jente frå tusseverda, men så lite vene som dei var, laut det vere den vakraste!

Professor Magnus Olsen har i det heile teke gått svært grundig til verks når det gjeld innskriftene på Skutesteinen. Dei har tvillaust fascinert han. Eg synst han argumenterer overtydande når han rekonstruerer ein situasjon der tre menn rundt år 1100 har halde til i Storhedder ei viss tid. Den eine av dei, runemeisteren sjølv, har – ifølgje Olsen – hatt høgare utdanning. Dessutan har han hatt utprega sans for avansert tal-

magi og symbolikk. Det hadde mange i Mellomalderen, ikkje minst prestelærde. Som Liestøl meiner også Magnus Olsen at runemeisteren er utlending. Argumentasjonen for at han har hatt eikor tilknytning til Orknøyane, finn eg vel underbygd. «For deg er hvilen hård», står det, etter Olsens tolking, ein annan stad. Både ristinga av setninga om den venaste møya og om kvila meiner Magnus Olsen er skrivne av den same: Reidar. «Reidar ristet» (runene?) står det også.



«Reidar ristet (runene?)», tolkar Magnus Olsen denne innskifta til. (*Viking* 1947.)

Jaktmagien som truleg har lege til grunn for dei mange dyrefigurane på skutesteinen – reinsdyr, elg, gaupe, rev, og andre – skal vi la liggje her. Eg vil heller ikkje gå så mykje inn på krossteikningane, som det finst fleire av. Krossteiknet kan vere eit merke etter kristen påverknad, men det er ikkje sikkert. Både Magnus Olsen og Aslak Liestøl/Anders Hagen viser til at krossteiknet er eldre enn kristendomen i Noreg. Tors hamar og krossteiknet har nok også av og til blitt blanda ihop.

Hakekrossar, rett nok i ei litt anna utgåve enn den nazistane bruka, er det òg fleire av. Nokre forskarar har knytta


hakekrossane til Odin, andre til Tor – eller Kristus. Noko sikkert kristent merke er hakekrossane ikkje.

Pentagramma som vi òg finn nokre av på Skutesteinen, er meir interessante. Eit pentagram er ei femtakka stjerne som kan teiknast eller rissast inn utan å løfte skrivereiskapen. Pentagrammet vart ofte også kalla hekselås. Anders Hagen gjer spesielt merksam på at pentagrammet tilhøyrer kristen tid. I så måte er eit stort og to små pentagram eit signal om at ein eller fleire av dei som har vore på ferde i Storhedder har vore kristne – eller i alle høve kjent kristendomen.

«Vivil budde her», lyder ei av dei klåraste og greiaste innskiftene på Skutesteinen. Om dette norrøne mannsnamnet skriv Eivind Vågslid i «Norderlandske fyrenamn» blant anna: «...mange menn i skaldskap...». I tillegg til Reidar og Vivil, finn vi også mannsnamna Gunnar og Gunni rissa inn. At det er 4 menn som er nemnde, er ikkje særleg oppsiktsvekkjande. Rundt år 1100 var Noreg eit mannsamfunn.

Den av dei fire som forskaren Magnus Olsen meiner å vite mest om er Reidar. Intellektuell, velstående, teologisk velutdanna, utlending – truleg frå Orknøyane; slik meiner eg det Olsen og Liestøl skriv om Reidar kan oppsummerast i stikkordsform.

Dermed er det på tide å vende attende til innleiinga mi: til handelsstaden Valle. Til Eivind Torggrimsson. Til jernvinna på Hovden. Til ei jernvinne som rundt år 1100 hadde etter måten stort omfang. Ja, undersøkingane til arkeologen Tom Bloch Nakkerud viser at Hovden i Vikingtida og i Mellom-



Rein og hekselås - eller pentagram - frå Storhedder. (Viking 1947.)

alderen var eitt av dei viktigaste jernutvinningsområda i Sør-Noreg. Trekol og myrmalm var råstoffa, og prosessen var svært arbeidskrevjande. I alle fall sommarstid må det ha vore mange som arbeidde med jernvinna. Desse arbeidarene måtte ha mat.

På 80-tallet tok Helge Irgens Høeg ein serie pollenprøver frå Hovden/Breive. Analysane av desse prøvene gav fleire overraskande opplysningar. Eg tillet meg å sitere litt frå ein artikkel av Helge Irgens Høeg i samband med opninga av Hovden Jernvinnemuseum: «Jordbruket ser ut til å ha begynt ca 2800 før Kristus. Det er pollen frå smalkjempe på både Breive og Stussfu. På Breive er det også pollen frå bygg.

Det er små spor etter jordbruk få den første tida. Først frå på lag 1500 år før Kristus tek eit meir kontinuerleg jordbruk til. Pollen frå planter som tyder på beite finst ved alle lokalitetane (Hovden/Breive), men mest på Breive og Stussfu. Truleg er det berre i Breive at det har vore korndyrking, og då særleg frå 500 år etter Kristus og ...».

Det er vanskeleg å tolke Høeg sine undersøkingar annleis enn at jordbruket har vore fast etablert frå 500-tallet av – i alle høve i Breive. Rundt år 1100 har bønder på Hovden og i Breive produsert mat: kornprodukt, kjøt, mjølk og mjølkeprodukt. Spørsmålet blir likevel, i alle fall for meg, kan fjellgardsjordbruket ha produsert eit så stort overskot



"Breivi var blomen for alle heidegardar i Bykle," les me i Gamalt or Sættesdal. Her vart det dyrka bygg for mest 5000 år sidan. (*Gisle Middtun 1917.*)

at det kunne fø jernutvinningsarbeidarane?

Eg meiner nei. Kanskje har husdyrhaldet vore stort nok til å forsyne arbeidarane med mjølkeprodukt og kjøt. Jakt på elg og rein har sikkert også vore viktig. Men at Hovden og Breive kan ha produsert nok kornprodukt til å fø alle dei som dreiv med jern: nei, det får eg ikkje til å stemme.

Mjøl og korn må ha kome utanfrå. Sjølv sagt kan desse jordbruksprodukta ha kome mange stader frå, men det ligg snublande nær å peike på kornbygda – og handelsstaden – Valle. Der må det ha vore kapital, og eit visst overskot av korn. Bygdesogeskrivarane Alfred Ryningen og Leonhard Jansen har i

bind 7 av Valle kultursoge peika på noko av det same.

Alt dette set fantasien min i sving. Samspelet mellom handelsstaden og kornbygda Valle på den eine sida, og jernvinne, jakt og fangst på Hovden: eg ser for meg at dette må ha skapt etter måten store verdiar. Der det blei skapt verdiar, og der det var mange menneske samla, der hadde sjølv sagt kyrkja sine interesser å ta vare på.

La meg raskt minne om at slaget på Stiklestad, der Olav den heilage vart drepen, stod i 1030. Historikarane er stort sett samde om at dei første 10-åra etterpå førde til at den nye trua på Kvitekrist slo gjennom – i alle høve ytre sett.

I 1327 vart Bykle kyrkje registrert i Vatikanet. Det er langt frå Bykle til Roma, svært langt. Det må vere lov å spørje; kor lenge før 1327 stod det ei kyrkje i Bykle? La meg berre nemne at det finst fleire segner om andre kyrkjer i Bykle, til dømes i Dvolo. På Bjåen finn vi namnet Kyrkje-moen. Segnene om rudkallen Mugge Byklum har både kristne og heidne trekk.

Kyrkjene nedetter dalen, blant andre Hylestad kyrkje, vart registrert samstundes med Bykle kyrkje – i Vatikanet; altså i 1327. Men dei vidgjetne «Hylestad-portalane» daterer forskarane til rundt år 1200: «...kanskje heller før enn etter» for å sitere Valle kultursoge. La meg forresten sitere litt til frå same boka: «Skurden (på den ornamentale Hylestadportalen) har røter attende til den skurden me finn på Oseberg-skipet...».

Attende til Storhedder. Viss forskarane har rett, heldt ein høgt utdanna, velstående mann med overklassebak-

grunn til i Storhedder ei viss tid rundt år 1100. Han hadde, stadig ifølgje forskarane, namnet Reidar, han var utlending (mest truleg frå Orknøyane) – og han hadde innsyn i gamle dikt og soger. Teologi var likevel det han kjende best, med ein særleg sans for talmagi.

Magnus Olsen peikar på at det på 1100-talet var nær kontakt mellom Orknøyane og Agder. Og eg spør, kunne Reidar, runemeistaren frå Orknøyane, beintfram ha vore prest i Bykle rundt år 1100?

Eg meiner ja. Om det nokon stad i Setesdal vart skapt eit overskot som kunne fø ein prest, måtte ikkje nettopp det vere i øvre delen? Valle med mat, handel og kapital, Hovden med jern, jakt og fangst.

Den første presten i Valle og Bykle som vi sikkert kjenner namnet på er Sira Olauer frå tida rundt Svartedauden. Eg ser få grunnar til ikkje å flytte kyrkjesoga i Bykle 250 år vidare attende til Reidar runemeistar – og nemne han som prest i Bykle rundt år 1100.

Theis Salvesen, (1955–2017)

Bykle kyrkje – ein verdig jubilant

I 1989 vart Hylestad kyrkje feira etter alle kunstens reglar med jubileumbok, festgudsteneste, biskop og middag. Fem år seinare var det Valle kyrkje som vart same heider til del. Båe gudshusa var 150 år gamle, og det måtte ikkje gå upåakta hen. Samstundes stussa vi litt i Bykle: Her har vi den venaste kyrkja i landet. I over ti generasjonar har ho vore det naturlege knutepunktet når «ætt skulle fylgje ætterad». I snart fire hundre år har byklarar – og vitjande – sete i harde benkar og teke imot Guds



ret for å take imot sakramentet. Nytt synet av måleri, både i altartavle og på veggane. Følt høgtid i hjarto. – Skulle så ikkje det store, lisle gudshuset òg vere verdig eit jubileum?

Setesdal sitt største klenodium er 375 år gammalt – iallefall. Av alt det verdfulle Bykle har, så er kyrkja juvelen. Og som smykke vanlegvis gjer, så held ho seg godt og er like fin i dag som den dagen ho vart reist. At tida etterkvart har gjort ho mindre funksjonsdyktig i høve krava no til dags, kan berre

og verte skal ei nydeleg kyrkje som vi er glade i og skal feire med brask og bram. Det er ho vel verdt.

Den heilage, allmenne kyrkja er tufta på vedkjenninga om at Jesus Kristus er Herre. Det er frelsa sitt grunnlag og er det som bind saman Guds born med Andens band. Den som trur og vedkjenner seg dette er salig. Ut over det har vi lov – og er vel det òg stundom – til å vere ueinige om det meste. Bykle kyrkje er bygd i ei brytningstid. Etter fem hundre år med katolisisme, kom den lutherske lære inn med full tyngde. I eit av dei lutherske læreskrifta, Confessio Augustana art. 7, stend det ei forklåring på kva kyrkja er: «Kirken er den hellige forsamling, i hvilken evangeliet læres rent og sakramenterne forvaltes ret. Og til kirkens sande enhet er det nok å være enig om evangeliets lære og om sakramenternes forvaltning. Det er ikke nødvendig, at der overalt er ensartede menneskelige overleveringer eller riter og ceremonier instiftede af mennesker.»


Så er altså ikkje kyrkja i Bykle eit bygg bunde saman av treverk og naglar. Om ho fell eller brenn opp, er det like fullt ei kyrkje i bygda: levande menneske som i tru samlar seg om ord og sakrament. Spir og kyrkjeklokker er teikna på, og den ytre ramma omkring gudstenestefeiringa. Men i prinsippet kunne feiringa like gjerne skje i kommunestyresalen eller på Nos. Det takkar vi Gud for at vi slepp, og at vi i staden skal få samlast i den mest intime kyrkja eg har vore prest i. Guds ord har kort veg frå preikestol til benkerad, og vonleg òg inn til hjarto.

For dryge tjue år sidan kørde eg gjennom Setesdal, og endeleg framme

på Hovden tenkte eg at kommunen her var prega av dårleg økonomi og små kår. Berre naturen virka prangande og storslegen. I dag er alt annleis. Kraftutbygginga på 60-talet har gjeve kommunane god økonomi. I neste omgang har det virka inn på innbyggjarane sin privatøkonomi. Når det regnar på presten, så dryp det på klokkaren. Så når ein no køyrer frå Evje og oppover er det ikkje berre fjell og dal som fengjer merksemda, men òg mange flotte offentlege bygg og privathus.

Av alle kraftkommunane er det Bykle som har kome best ut. Det kan merkast på mange måtar, også i kyrkjelyden. Rett nok er Bykle kyrkje plent den same. Men det har skjedd store endringar hjå dei som samlast om ordet. På tjue år har veksten i folketalet vore på 100 %. Frå dryge 400 til mest 900. Auka har ikkje kome ved fødseloverskot, men ved tilflytting.

Mange unge familiar har fått interessante arbeidsoppgåver i kommunen, og ein del av desse har funne sin plass i kyrkja og vorte aktive der. Dei har så teke med seg tradisjonar og dialekt der dei kom frå, og det kan merkast og høyrast. Til dømes var det berre ein av åtte som tala bykledialekt i det fyrste konfirmantkullet eg hadde. Og sjølv om den pietistiske tradisjonen enno er levande i nokre miljø, er det som pregar kristenlivet ei kulturopen haldning til verda og stor kjærleik til gudstenestefeiringa. Det er ikkje berre ved familiegudstener at prosentdelen av born under konfirmasjonsalder nærmar seg tretti. Og dei tek aktivt del i song, vedkjenning, bøn og anna liturgi. Det er ikkje berre fjernsynssjåarar som har lagt mer-



På kyrkjebakken 1994.

ke til klåre barnestemmer som syng «kyrie eleison». Det er til stadig inspirasjon og glede.

«Det kostar å bryte lydturen,» svara ein valldøl meg då eg spurde kvifor dei ba Fadervår så lågt. I Bykle er det annleis. Når liturgen har sagt «du som er i himmelen», kan han i grunnen berre slappe av. Kyrkjelyden finn sjølv fram til amen. Ved det at alle tek del, òg borna, så er det eit vitnesbyrd i seg sjølv og har lett for å smitte over på sidemannen. Nattverdfeiringa er sentral. Etter at biskopane oppheva nedre aldersgrense for deltakarane, så er det mange born i Bykle, heilt ned til treårsalderen, som er med mamma og pappa fram til altarringen for å take imot sakramentet. Stundom ligg tre generasjonar på same ring. Då slår det meg: Utforbi kyrkjeveggene er dei besteforeldre, born og borneborn. Her framfor Guds åsyn viskast det ut, for då er dei sysken – Guds

born. Vi samlast ved altarbordet og etterpå ved kakebordet. Året gjennom er det ofte kyrkjekaffi/brus. Det er og med på å styrke fellesskapet.

Høgmessa er det sentrale, samstundes som at familiegudstenestene òg er populære. Speidarar, sundagsskule og barnekor er ofte med og gjev friske innslag. Ein sit med eit inntrykk av at dei faktisk ikkje tykkjer at det er kjedeleg i kyrkja, men at dei likar å samlast der for å prise Gud. Difor er det ei glede for vaksne å kunne konstatere at i Bykle er det ikkje slik at borna er kyrkja si framtid. Dei er kyrkja si notid. Ein integrert og viktig del av dei som samlast om ord og sakrament.

Av samtalar med eldre, og dagsregistre frå 70-talet, gjeng det fram at møte-lyden vart eldre, at deltakarar ved nattverden vart færre og at oppslutninga om messa avtok. Det var vel ei avspegling av dei tilhøva som galt i kommunen elles. Ein viss pessimisme. Med kraftutbygginga kom optimismen og framtidsvyar tilbake til det garva fjellfolket. I takt med auka i folketalet har kommunen hatt økonomisk ryggrad og vit til å byggje ut bygningsmasse og offentlege tilbod. Rådhus, skule, barnehage, sjukeheim og industribygg – alt er tipp topp. I tillegg kjem no eit nytt kulturhus – til glede for alle. Det gjeld å halde seg oppdatert. På alle felt.

Og difor har Bykle sokneråd ynskt seg eit nytt og større kyrkjehus. Ikkje for å pensjonere 375-åringen, det må aldri skje, men for å vare juvelen og utvide rammene for kyrkjelydsarbeidet. Vi tenkjer oss ei slik funksjonsdeling: Bykle kyrkje vert nytta til gudstenester i juni, juli og august. I tillegg skal det



Barnekolet vart skipa i 1986, med 23 ungar frå 6 til 12 år. Her er mest alle samla på skuleplassen våren etter.



Speidarane er også eit friskt innslag i arbeidet med dei unge. Turar ute i det fri høyrer med, slik som denne telturen til Byklestøylane våren 1988.

feirast messe der to-tre gonger elles i året. Ved gravferd og bryllaup skal ein take omsyn til ynske til dei det gjeld. Elles skal den nye kyrkja fungere som gudstenestestad og gjeve rom for aktivitetar som speidar, ungdoms- og barnarbeid, samlingar i kyrkjelydssamanheng. Denne løysinga meiner vi at vi er godt tente med.

Det er omsynet til jubilaranten som talar for dette. I gamal tid vart ho lite bruka om vinteren og trevirket heldt seg godt. Når vi no har elektrisk fyring som stadig står på, så sprekk tømmeret. Kyrkjefolket i Bykle er aktive og mange. Ved kvar gudsteneste bed vi om at «vi må få ein heim i di kyrkje på jorda». Jamfør Augustana art. 7 er det då ikkje primært tenkt på eit hus. Men huset er ei viktig ramme rundt fellesskapet. Og vi ynskjer å møtast oftare i Herrens hus enn det kyrkja i dag tillet. I tillegg tenkjer vi òg på andre typar samlingar som ikkje let seg gjennomføre no.

I jubileumsåret har vi store planar for framtida til Bykle kyrkje og kyrkja i Bykle. Vi ynskjer at klokka og dei

neste 375 år skal kunne kalle byklarar til samfunn med kvarandre og med Herren. Der areal og utforming i dag set grenser, ynskjer vi ei avlastningskyrkje som kan fyllast med mykje og yrande liv for den generasjonen vi no ser vekse opp. I skjønne harmoni skal dei stå nær einannan og fylle kvarandre ut. Kyrkja i Bykle, truande som samlast om ord og sakrament, kan sjå attende på Jesu kamp og siger og på alle dei heilage som førde den glade budskapen gjennom tid og rom fram til oss. Samstundes kan vi sjå fram mot fullendinga der tid og rom opphøyrer i den nye himmel og den nye jorda.

Ovanfor skreiv eg at kyrkjeklokka i Bykle skal klinge i enda 375 år. Det er vårt ynske at det skal skje om verda framleis stend. Men vår høgaste von er at Herren Jesus Kristus skal kome att før den tid for å utløyse sitt folk og gjerre alle ting nye. Medan vi ventar på dette, samlast vi i Guds hus, her og/eller der, for å førebu oss til den store dagen då Han skal halde sitt store gjestebod. Den som er budd kan med glede gå inn i framtida – for ho høyrer Herren til.



Vigslingshelga i spetember, frå venstre prost Ole Gunnar Sæbø, Tor Mosdøl frå byggjekomiteen og kyrkjelyden, kyrkjeverje Helene Horverak og ordførar Kay Jeiskelid.

lom anna lagt ein del teikningar laga av barna på skulen, byggeteikningar for den nye kyrkja, eit av dei nyaste nummera av Setesdølen og kyrkjelydsbladet Vegleiarer. Om skrinet nokon gong blir opna, vil dei nok undre seg om dei har funne riktig grunnstein, viss dei samanliknar kyrkjeteikningane derifrå med korleis kyrkja blei sjåande ut. For teikningane blei kraftig omarbeidd i løpet av dei neste par åra. Forma gjekk frå å vere kvadratisk med like lange tak på alle sider, pyramideform, til å få ein meir klassisk langkyrkjeprofil. Dette var mellom anna av di ei slik form passa betre i høve til tomta som skulle brukast, der det var stor høgdeforskjell frå den eine til den andre sida av bygget.

Då eg begynte i stillinga som kyrkjeverje eit år før grunnsteinen for ny kyrkje skulle leggjast, forstod eg at arbeidet med denne kyrkja kom til å bli ein viktig del av jobben dei neste åra. Det hadde allereie vore ein årelang lokal prosess for å få ny kyrkje inn på det kommunale langtidsbudsjettet. I denne planleggingsprosessen var både Hans Olaf Aanensen allereie vald som arkitekt, og Stein Johannes Kolnes engasjert som orgelkonsulent. Ingrid Løyning

Helene Horverak

Då Bykle kyrkje blei Bykle gamle kyrkje

Biskop Olav Skjevesland hadde ein travel dag 1. januar 2000. Kommunane i heile landet hadde valt sine tusenårs plassar og tusenårsbygg, og to av tusenårsbygga i Agder skulle vere kyrkjer. Så om formiddagen nyårsdagen 2000 la biskopen ned grunnsteinen for Søm kyrkje i Kristiansand, og om ettermiddagen blei grunnsteinen for nye Bykle kyrkje lagt. Grunnsteinen blei høgtideleg boren ut i prosesjon frå Bykle gamle kyrkje etter ei gudsteneste og lagt i ein brønn laga i nærleiken av kyrkja. Der låg grunnsteinen fram til han blei tatt fram og mura inn i golvet bak altaret i den nye kyrkja nokre år seinare.

Grunnsteinen er eit metallskrin. Oppi dette blei det mel-



Montering av døypefonten, ei utfordring av di den skulle ha rennande vatn, og røyrsystemet måtte treffe nøyaktig. I midten med hendene på døypefonter kunstnar kunstnar Per Odd Aarrestad, som har stått for døypefont, altar, altarskåp, glasmåleri med meir.

grunnen plannemnda meir sikre på at ein ønskte Aarrestad med som kyrkjekunstnar i arbeidet for nye Bykle kyrkje, enn kva retning ein skulle gå i når det gjaldt orgel. Heldigvis leia orgelkonsulenten eit godt arbeid fram mot orgelet frå Venheim orgelbyggeri, som til slutt blei montert i kyrkja. Både kunstnar og arkitekt var dessutan ein draum å jobbe med for plannemnda. Dei forstod kyrkjelyden sine ønskje, og samstundes var dei svært gode på fagfelta sine.

Ein annan viktig person i arbeidet for ny kyrkje, var Frode Wæthing, som kommunen hadde tilsett for mellom anna å leie heile anbods- og byggeprosessen i samarbeid med meg som kyrkjeverje. Han følgde opp innhald i kontraktar, avtalar og ei mengd detaljar som kom opp undervegs i prosjektet. Han gjorde så god ein jobb at han i

Berntsen var ein av pådrivarane frå kyrkjelyden i arbeidet og frå kyrkjelyden var ho, Olaug Dahl og Tor Mosdøl med i heile den formelle prosessen med plannemnd og byggenemnd fram til kyrkja var ferdig bygd.

Plannemnda var mellom anna på ein liten studietur i Rogaland for å besøke kyrkjer bygde dei siste åra og å vurdere kva slags orgel ein skulle sikte seg inn mot. Hana kyrkje var ei av kyrkjene som blei besøkt, og der trefte vi kunstnar Per Odd Aarrestad. Han hadde laga kyrkjekunsten både i Hana, som var heimekyrkja hans, og i fleire av kyrkjene plannemnda besøkte. Etter turen var i



Sundag 7. november 2003 inviterte kyrkjelyden til gudsteneste i den nye kyrkja som var tekt, men ikkje ferdig.

etterkant fekk tilbod om jobb hos hovudentreprenøren som bygde kyrkja, Reme AS, seinare BRG.

Hausten 2003 vart det invitert til gudsteneste i skalet av den nye kyrkja. Det kom fleire enn venta, endå ein måtte sørgje for å ta med stol sjølv. Mest eit år etterpå stod kyrkja klar til vigsling og det blei feira med eit variert program ei heil helg: Konsert med Lisa Børud og Bykle barnekor, foredrag med Karsten Isachsen, konsert med Sondre Bratland og Annbjørg Lien, overrekkingsseremoni med ei mengd takketalar, før sjølve vigslingsgudstenesta søndag 5.september 2004.

Etter kvart blei det søkt om namneendring på Bykle kyrkje til Bykle gamle kyrkje, slik som er vanleg når ein har bygd ei ny kyrkje i nærleiken av ei som står frå før. Det var fint å sjå at folk i bygda tok i bruk den nye Bykle kyrkje, og gjerne valde henne til bryllaup, i staden for å ønske seg Bykle gamle kyrkje, slik ein kunne. Samstundes gjev den gamle kyrkja ei fin ramme rundt nokre konsertar og gudstenester kyrkjelyden vel å halde der. Og ho får stå til glede for turistar og ettertida, no som slitasjen på den gamle kyrkja er mykje mindre enn før.

Kyrkjeverje i Bykle 1999-2012

Tenesteliste for Bykle sokn 1922–2020

Det var i 1922 at soknerådet vart skipa, så det er frå den tida at me har meir sikre kjelder for dei opplysningar som er gjevne nedafor. Også frå nyare tid er det namn og årstal som kan vere litt usikre eller ikkje har kome med.

<i>Prestar</i>		Åsmund Å. Byklum	1927-1947
John Aune	1919–1923	Hallvard Mosdøl	1947-1984
Olav Johan Arnlie	1924–1932	Bernt Einar Berntsen	1984-2014
Aasulv Austad	1932–1948	Knut Rysstad	2014-2018
Trygve Nortvedt	1949–1956	Thor Bernhard Sagland	2018-2020
Jens Bjelland	1957–1967		
Sverre Olsen	1967–1974		
Kåre Svebak	1974–1977		
Nils Meidel Møll	1977–1981		
Leif Raustøl	1981–1989		
Theis Salvesen	1989–2007		
Arne Skare	2007–2009		
Terje Selskjær	2010–2017		
Tom Martin Berntsen	2017–2018		
Kristine Borgen	2019–		

Organistar i Bykle kyrkje

I 1985 fekk vi organistsamarbeid med Valle. I perioden 1989-2008 var det samarbeid med musikkskulen her i Bykle. I 2008 vart det nytt samarbeid med Valle, der dei hadde 60% og vi 40%. Og sidan 2018 har vi 50-50-fordeling og organisten har også tittel kantor.

1985-1986	Daniel A. Sammut
Hausten 1989	Kristian Bang
Våren 1990	Knut Olav Upstad vikar for Jon Hinna som spela for kyrkja og var rektor i musikkskulen.
1990-1992	Karl Ivar Vang
1992-1993	Christian Primberg
1993-1994	Eivind Pedersen
1995-2008	Tonhild Kråkenes
2008-2015	Tonhild Kråkenes
2015-	Henrik West

Klokkarar/Kyrkjесongarar

Tarald D. Mosdøl	ca. 1919–1923
Svein O. Rygnestad	1920–1936
Bjørgulv G. Holen	1936–1974
Åvoll Byklum	1974–1983
Bernt E. Berntsen	1984–2014
Knut Rysstad	2014–2018
Thor Bernhard Sagland	2018–2020

Kyrkjetenarar

Kyrkjetenarane vart tidlegare utpeika for tre år om gongen. Dei fekk ikkje godtgjering for dette. Det gjaldt mellom anna Torleiv Å. Mosdøl, Pål T. Gjerdén, Olav T. Byklum (Kultran) og Olav K. Mosdøl.

Meir ordna tilhøve vart det då Soknerådet vart skipa i 1922:

Olav G. Holen	1924-1926
---------------	-----------



Kyrkjetenar Bernt E. Berntsen dreg i klokke-tauet 17. mai 1995.

Soknerådsleiar/nestleiar

Årstal	Leiar	Nestleiar
1922 – 1923	Sokneprest John Aune	Tarald D Mosdøl
1924	Tarald D Mosdøl	
1925 – 1927	Tarjei O Trydal	Ole M Holen
1928 – 1931	Sokneprest Ole Johan Amlie	Tarald D Mosdøl
1932	Tarald D Mosdøl	Gunnar O. Holen
1933 – 1942	Sokneprest Aasulv Austad	Tarald D Mosdøl
1942-1945	Svein O. Rygnestad	
1945-1945	Sokneprest Aasulv Austad	
1946	Bjørgulv G Holen	Hallvard A Tveiten
1947 – 1949	Tarjei K Tveiten	Bjørgulv G Holen
1950 – 1951	Åsmund Hoslemo	Tarjei K Tveiten
1952 – 1956	Sokneprest Trygve Nortvedt	Tarjei K Tveiten
1956 – 1957	Åsmund Hoslemo	Tarjei K Tveiten
1958 – 1959	Sokneprest Jens Bjelland	Tarjei K Tveiten
1960	Bjørgulv G Holen	Tarjei K Tveiten
1961	Bjørgulv G Holen	Sokneprest Jens Bjelland
1962 – 1966	Olav A. Nesland	Hallvard O Mosdøl
1967	Olav A. Nesland	Hallvor Jeiskelid
1968 – 1969	Olav A. Nesland	Inga Espås
1970 – 1972	Bjørgulv G. Holen	Hallvard O Mosdøl
1973	Åvoll Byklum	Hallvard O Mosdøl
1974 – 1981	Åvoll Byklum	Hallvor Jeiskelid
1982 – 1984	Knut Hoslemo	Ingrid Løyning
1985	Ingrid Løyning	Knut Hoslemo
1986 – 1987	Ingrid Løyning Berntsen	Olav Mosdøl
1988 – 1989	Else Gyro Rysstad	Olav Mosdøl
1990 – 1991	Olav Mosdøl	Ole Morten Egeland
1992 – 1993	Bernt Einar Berntsen	Ole Morten Egeland
1994	Bernt Einar Berntsen	Rønnaug Torvik
1995	Bjørnar Mørenskog	Bernt Einar Berntsen
1996	Bernt Einar Berntsen	Rønnaug Torvik
1997	Sokneprest Theis Salvesen	Brita Mosdøl
1998	Bernt Einar Berntsen	Torun Rundhovde Mørenskog
1999	Bernt Einar Berntsen	Irene Quale
2000 – 2003	Torun Rundhovde Mørenskog	Elin Dypedal
2004 – 2005	Torun Rundhovde Mørenskog	Kjell Dahl
2006	Brita Mosdøl	Kjell Dahl
2007 – 2009	Brita Mosdøl	Ole Morten Egeland

2010 – 2011 Bernt Einar Berntsen
2012 – 2015 Else Gyro Rysstad
2016 – 2019 Else Gyro Rysstad
2020 Bernt Einar Berntsen

Else Gyro Rysstad
Bjørge Vatnestrøm
Signe Lillemo Mundal
Signe Lillemo Mundal



To av dei mange på tenestelista - Åvoll Byklum og Sverre Olsen.

Herren
velsigne deg
og vare deg!

Herren
late sitt andlet
lysa over deg
og vera deg nådig!

Herren
lyfte sitt åsyn på deg
og gjeve deg fred!
Amen.

